


Protokollar

1991

Styre og

Rep. skap for

VØR



VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

MØTEBOK

År 1991 den 18. november vart det halde møte i representantskapet for Volda/ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Rasmus Tunheim
Einar Flø
Emil Olsen
Jostein O. Mo
Kjartan Leikanger

Elles møtte: Nestleiar i styret, Rasmus R. Aarflot
Voldaregnskap AS v/ Jon-H. Martinussen

Merknader til innkalling og sakliste elles:
Varamannen Kjartan Leikanger anførte at han hadde motteke innkalling til møtet svært seint; Han fekk innkallinga fredag 15.11.1991.
Det var ikkje andre merknader.

Rasmus Tunheim sa minneord om Olaf Røw, som er gått bort.

SAK 09/91 BUDSJETT FOR 1992 - S-sak 61/91.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Framlegget til budsjett for 1992 vert godkjent.
Framlegget er lagt ved møteboka.

SAK 10/91 RENOVASJONSAVGIFTER FOR 1992 - S-sak 62/91.

Kjartan Leikanger gjorde framlegg om at renovasjonsavgiftene skulle vere uendra frå 1991 i 1992, men han kunne ikkje vise til naudsynt kostnadsdekning.
Dette framlegget fekk 1 røyst, medan 4 røysta for framlegget frå styret.

VEDTEKE MED 4 MOT 1 RØYST:

VEDTAKET LYDER:

Representantskapet i Volda/ørsta Reinhaldsverk rår kommunestyra i Volda og ørsta til å vedta renovasjonsavgiftene for 1992 i samsvar med framlegget.
Framlegget er lagt ved møteboka.

Møtet heva kl. 2010.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak nr. R-09/91 S-61/91

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

BUDSJETT 1992.

Styret behandla framlegget til budsjett for 1992 i møte den 12.11.1991.

Det vedtekne framlegget ligg ved for behandling i representantskapet.

Tilråding til vedtak: Framlegget til budsjett for 1992 vert godkjent.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Sak nr. S-61/91

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR 1992.

Miljøstasjonen i Hovdebygda er eit topp moderne anlegg, og Reinhaldsverket markerer seg som ein god serviceinstitusjon for folk og verk- semder i Volda og Ørsta kommunar.

Renovasjonsområdet dekkjer no alle område som kommunane har vedteke å skulle ha tvungen offentleg renovasjon. Dette vil i praksis seie at så godt som begge kommunene er dekkja.

Ein satsar på god service, og har "langope" 1 dag i veka. Tidlegare hadde ein langope 2 dagar i veka, men for å spare kostnadar er dette redusert til 1 dag, og ein meiner likevel å stette folk sitt leveringsbehov på tilfredsstillande vis.

Ordninga med mottak for kvitevarer, batterier, papir, papp og spesialavfall og glass bør oppretthaldast. Det vert ikkje kravd avgift for desse tenestene no, og ordninga fungerer svært godt. Sjølv om dette kostar ein del, bør ein ikkje legge særskild avgift på desse tenestene førebels. Dersom ein gjer dette, må ein rekne med at slikt avfall vil verte "deponert" på anna ukontrollert og uønskt vis.

Mottak av slam og grovavfall vil verte satt i drift i 1992, og det er i budsjettet rekna med at desse ordningane skal vere sjølvfinansierande. Dersom ein skal oppnå levering av lønsame mengder avfall i den planlagde grovavfallsfyllinga i Alida, må fyllinga ta imot alt grovavfall i regionen. Fyllinga i Aambøhola må difor avviklast.

Ein må og syte for at det ikkje vert mogeleg å dumpe eller brenne avfall på ulovleg vis utan at det vert reagert strengt. Dette er svært viktig, då ein elles ikkje kan rekne med å oppnå å få hand om dei budsjetterte mengder avfall som er naudsynte for å få til lønsam drift av Reinhaldsverket.

Kostnadssida i budsjettet er bygd på omlag same driftsform som for 1991, men det er lagt inn ei halv stilling meir. Dette skuldast oppretting av mottak for slam og grovavfall, og vert løyst ved at noverande driftsleiar som er gått ned i halv stilling, tek over som oppsynsmann i halv stilling og ny driftsleiar vert tilsett i heil stilling.

Etter den nye instruksen for driftsleiareren skal han ha ansvar for langt fleire administrative oppgåver enn det som har vore lagt til stillinga tidlegare, og dette vil føre med seg at ein må framskaffe ein del data- og anna kontorutstyr. I tillegg til dette må ein rekne med at det må gjerast ein kjøp av mellom anna glasigloar og utstyr til kommunikasjon o.l. i 1992. Ein har difor budsjettert med kr. 75.000,- til kjøp av utstyr. Ein har ikkje gjort nokre slike kjøp i 1991.

Ein har arbeidd mykje med lån og finansiering i 1991, og dette vil føre til at ein får lågare rentekostnader i 1992; Noko ein vil si seg svært nøgd med.

For å få dekning for kostnadane i budsjettet for 1992, som utgjer kr. 9.654.360,- inkl. investeringar i mottak for slam og grovavfall, må ein auke satsane for levering av avfall med omlag 4%, som er i samsvar med den generelle kostnadsauken som det vert rekna med for Noreg for 1992. Resultatet av dette vert at stativavgifta går opp med kr. 50,- til kr. 1.250,-, og satsane for anna avfall med kr. 1,- pr. kollo og kr. 50,- pr. tonn. Alle satsar gjeld eks. meirverdeavgift som vert å rekne i tillegg.

Budsjettet er satt opp på et særns nøkternt grunnlag, og reduksjonar i kostnadane må i so fall føre til reduksjon i dei tenestene ein kan yte eller til andre drastiske endringar i driftsmønsteret.

Tilråding til vedtak: Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Framlegg til budsjett for 1992 vert godkjend.

Vedtak: Samrøystes etter tilrådinga.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

side 1

BUDSJETT FOR 1992
(Utarbeidd pr. 6. november 1991)

	BUDSJETT 1992	Kr.	BUDSJETT 1991	Kr.	REKNEKAP 1990
<u>Utgifter:</u>					
38.00.001	Møtegodtgjersle	12.000	12.000	17.400,00	
010	Faste løner	1.909.700	1.780.000	1.615.785,44	
081	Ekstrahjelp	250.000	270.000	326.957,62	
082	Overtid	30.000	65.000	87.431,95	
090	Arb.gj.avgift	294.600	280.800	276.161,88	
091	Pensjon	87.500	80.600	44.600,50	
095	Sosiale kostnader	5.000	5.000	3.749,80	
100	Ny renovasjonsbil	0	0	744.789,55	
110	Nyanskaffelser maskinar/tekn.utstyr	75.000	0	115.672,89	
151	Vedlikehald Alida	2.000	2.000	15.857,80	
152	Vedlikehald Komprimatorstasjon	60.000	30.000	51.868,28	
153	Vedlikehald maskinar/utstyr	12.500	12.000	22.607,07	
200	Kontorutgifter, inkl. reklame	50.000	36.000	52.142,12	
201	Gebyrer etc. betalingsformidling	2.000	2.000	1.988,00	
210	Lys / Brensel	50.000	40.000	26.631,41	
211	Reinh.materiell/lyspære etc.	0	0	1.060,72	
212	Vask og reinhald	35.000	30.000	28.191,35	
213	Kommunale avgifter	12.000	4.700	2.068,00	
222	Trygd bygg	9.000	9.000	3.805,00	
226	Grunnleige fyllplass	1.000	1.000	0,00	
230	Reise / Kostgodtgjersle	37.000	37.000	38.055,12	
231	Ferjeutgifter	26.000	25.000	24.916,00	
240	Avgifter / Trygd bilar	105.000	100.000	71.414,00	
250	Drivstoff bilar	126.000	120.000	86.807,90	
255	Transport til Grautneset	408.000	408.000	358.403,78	
256	Transport glas	20.000	20.000	0,00	
	overført til side 2	<u>3.619.300</u>	<u>3.370.100</u>	<u>4.018.366,18</u>	

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Side 2

Budsjett 1992 forts.:

	Budsjett 1992 Kr.	Budsjett 1991 Kr.	Rekneskap 1990 Kr.
overført frå side 1			
38.00.257 Spesialavfall	3.619.300	3.370.100	4.018.366,18
258 Driftskostnader slambehandling	0	0	2.036,67
259 Driftskostnader grovavfallsfylling	123.000	0	0,00
260 Rep. / Vedlikehald bilar	140.000	0	0,00
270 Verne- og arbeidskle	125.000	120.000	277.050,79
271 Linjeleige Radio/Helgehornet	20.000	17.000	16.264,18
280 Garanti- & ulykkestrygd personer	25.000	0	0,00
290 Andre utgifter	25.000	15.000	14.358,81
291 Kursutgifter	26.000	25.000	4.964,10
292 Øreavrunding mva	10.000	3.000	2.000,00
293 Utgifter batteriinnsamling	0	0	0,23
294 Rekneskap / Skrivehjelp / Revisjon	50.000	50.000	55.519,15
295 Leige maskiner / bilar	68.000	60.000	123.873,00
296 Sekkekjøp	135.200	130.000	99.039,64
297 Kjøp av stativ	350.000	400.000	360.580,75
298 Forbrenningskostnader	50.000	50.000	80.450,00
299 Bedriftshelsetenesta	2.896.000	2.760.000	2.470.024,58
340 Skadeerstatninger	16.400	15.700	22.425,00
380 Renter kassakreditt	10.000	5.000	11.469,50
381 Renter lån komprimatorstasjon	25.000	50.000	45.587,50
382 Renter lån biler	393.874	481.400	640.852,24
383 Renter lån grovavfall / slam	156.711	244.800	113.726,00
389 Ymse renter / morarenter	70.000	0	0,00
410 Anlegg spesialavfall	0	0	1.285,19
420 Anlegg slamdepot, Ubenyttta 1991, Ov. 1992	0	0	128.079,98
430 Anlegg grovavfall, Ubenyttta 1991, Ov. 1992	321.000	273.000	3.156,70
522 Dekking av halvparten av underskot frå 1990	423.000	423.000	0,00
581 Avdrag lån komprimatorstasjon	165.875	22.615	0,00
582 Avdrag lån bilar	169.100	61.200	0,00
583 Avdrag lån grovavfall / slam	218.800	218.800	93.750,00
Overskot; Å nytte til å styrke kontantmidelen	22.100	0	0,00
Sum utgifter	<u>9.654.360</u>	<u>121.385</u>	<u>0,00</u>
			<u>8.584.860,19</u>

Volda/Ørsta Reinholdswerk

Budsjett for 1992 forts.:

side 3

Inntekter:

	Budsjett 1992	Budsjett 1991	Rekneskap 1990
38.00.60	Kr.	Kr.	Kr.
Sal av sekkar	53.000	50.000	50.759,00
602 Sal av stativ	63.000	60.000	97.500,00
61 Renovasjonsavg. 5.414 stativ à kr. 1.250,-, henta	6.767.500	6.600.000	5.391.213,37
62 Forretn.avfall 37.500 kolloi à kr. 25,-, henta	937.500	888.000	1.534.832,68
62 Forretn.avfall 450 tonn à kr. 1.300,-, levert	585.000	515.500	"
62 Privat levering 70 tonn à kr. 1.300,-, levert	91.000	70.000	"
630 Grovavfall: 2.000 m3 à kr. 102,-, levert	204.000	0	0,00
631 Mottak av slam: R.S	200.000	30.000	0,00
670 Transport cont.: 36 turer à kr. 260,-	9.360	7.500	9.312,48
700 Refunderede sjukepengar	0	0	61.897,00
701 Refunderert for 5. ferieuke	0	0	16.423,31
780 Renteinntekter frå bank	0	0	16.174,10
840 Tilskot til nyanlegg	0	0	75.000,00
982 Lån Bolig- og Næringskreditt	0	0	1.000.000,00
985 Lån nyanlegg, KLP, Ikke opptatt -91, ovf. 92	661.000	696.000	0
Lån overført frå 1991	83.300	0	0
990 Rekneskapsmessig underskot 1990	0	0	331.748,25
Sum inntekter	<u>9.654.360</u>	<u>8.917.000</u>	<u>8.584.860,19</u>

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak nr. R-10/91 S-62/91

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

FRAMLEGG TIL RENOVASJONSAVGIFTER FOR 1992.

Styret behandla framlegget til renovasjonsavgifter for 1992 i møte den 12.11.1991.

Det vedtekne framlegget ligg ved for behandling i representantskapet.

Tilråding til vedtak: Representantskapet i Volda/Ørsta Reinhaldsverk rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å vedta renovasjonsavgiftene for 1992 i samsvar med framlegget.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak nr.: 62/91

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

FRAMLEGG TIL RENOVASJONSAVGIFTER FOR 1992:

Renovasjonsavg.:	Pr. stativ	kr. 1.250,-, henta
Brennbart avfall:	Pr. kollo	kr. 25,-, henta
Brennbart avfall:	Pr. tonn	kr. 1.300,-, levert
Grovavfall (avfall som ikkje går til resirkulering eller er brennbart):		
	Pr. m3	kr. 102,-, levert
Slamtøming pr. år:	Tankar inntil 4,5m3	kr. 700,-, henta
	Tankar inntil 7,5m3	kr. 869,-, henta
	Tankar inntil 10,0m3	kr. 1.062,-, henta

For større tankar og tankar som etter føreskriftene skal tømast sjeldnare eller oftare enn 2. kvart år, vert årsgebyret fastlagt av Reinhaldsverket.

Meirverdeavgift skal reknast i tillegg.

Tilråding til vedtak: Styret rår representantskapet til gjere slikt vedtak: Representantskapet i Volda / Ørsta Reinhaldsverk rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å vedta renovasjonsavgiftene for 1992 i samsvar med framlegget.

Vedtak: Samrøystes etter tilrådinga.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

RENOVASJONSAVGIFTER FOR 1991:

Renovasjonsavg.:	Pr. stativ	kr. 1.200,-, henta
Brennbart avfall:	Pr. kollo	kr. 24,-, henta
Brennbart avfall:	Pr. tonn	kr. 1.250,-, levert
Brennbart avfall:	Pr. m3	kr. 137,-, levert
Grovavfall:	Pr. m3	kr. 100,-, levert

Satsane er utan meirverdeavgift, som vert å rekne i tillegg.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

MØTEBOK

År 1991 den 17. oktober vart det halde møte i representantskapet for Volda/Ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Jan Driveklepp
Rasmus Tunheim
Einar Flø
Emil Olsen
Bjarne I. Hovden

Elles møtte: Styreleiar Lars Petter Øye
Per Mulvik AS v/ Per Schjelderup
Voldaregnskap AS v/ Jon-H. Martinussen

Merknader til innkalling og sakliste elles: Ingen.

SAK 05/91 GROVAVFALLSFYLLING - Godkjenning av avtalar med Nautvik Knuseverk AS og Magnar Lid.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Avtalane med Nautvik Knuseverk AS og med Magnar Lid vert godkjende med dei endringar som er nemnde i saksdokumenta og som er tilrådde frå advokat Standal vert godkjende.

Det er ein føresetnad at kommunestyra gir naudsynte lånegarantiar.

Avtalene er lagd ved møteboka i endeleg form.

SAK 06/91 GROVAVFALLSFYLLING / SLAMTØMING - finansiering.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk tek opp lån, stort kr. 661.000,- i KLP til 10,9% rente p.a. med 3 månaders rentebindingstid, 15 års avdragstid og mot kommunal garanti, til finansiering av investeringar i samband med oppretting av slambehandlingsløyising og grovavfallsfyllplass.

Det er ein føresetnad frå Volda/Ørsta Reinhaldsverk si side at grovavfallsfyllinga i Alida tek hand om alt grovavfallet i både kommunane.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

-2-

SAK 07/91 REFINANSIERING LÅN OG KASSAKREDITT.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk overfører sitt lån i Real-kreditt, stort kr. 1.400.000,- til KLP frå den dato dette kan gjerast utan ekstra kostnader ved innløysing, seinast den 30/4-1992. Renta i KLP er for tida 10,9% p.a.

Volda og Ørsta Kommunar vert bedne om å godkjenne overføring av dei kommunale garantiane for lånet frå Real-kreditt til KLP.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk godtek tilbodet frå Kreditkassen om kassakreditt, stor inntil kr. 1.000.000,-, til 11,95% rente p.a. for inntil 100% utnytting, kvar- talvis kapitalisering, ingen provisjon, samt 10% kreditrente med årleg kapitalisering, jfr. tilbod av 4/10-1991.

SAK 08/91 ORGANISASJONSPLAN OG INSTRUKSAR - Godkjenning.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Organisasjonsplanen med instruksar for driftsleiar og oppsynsmann, sist endra 28/6-1991 vert godkjend. Administrasjonen vert beden om å utarbeide forslag til utlysingstekst for driftsleiar med forslag om lønsplas- sering. Forslaget vert å behandle av styret. Denne organisasjonsplanen med instruksar gjeld frå den tid ny driftsleiar tek til i stillinga.

D R I F T S A V T A L E .

Mellom Nautvik Knuseverk AS og Volda/Ørsta Reinhaldsverk er det inngått slik avtale om drift av grovavfallsfyllplass på dertil regulert areal i Alida:

1. Forholdet mellom Volda/Ørsta Reinhaldsverk og grunneigar Magnar Lid er ivareteke gjennom eigen leigeavtale.
2. Fyllplassen vil ligge innanfor grensene i godkjend reguleringsplan.
3. Avtaletida er sett til 15 år med rett for reinhaldsverket med forlenging i ytterlegare 15 år.
4. Fyllinga vil starte i austre del av området og halde fram mot vest. Uttekne masser blir lagra på Nautvik Knuseverk AS sitt område. Når fyllinga på eit areal er oppe i full høgde og avslutta, vil arealet kunne nyttast til masselager dersom reinhaldsverket sjølv ikkje har behov for det. Nautvik Knuseverk AS ynskjer å nytte areal som er oppfylt og avslutta. Nærare avtale om dette blir utarbeidd når slikt areal er klart.
5. Som klargjering for drift av fyllinga skal Nautvik Knuseverk AS ta ut 2.000 m³ fjellmasser til 8 m djupne til ein fast pris av kr. 150.000,-. Opparbeidingstida er sett til inntil 4 månader.
6. Ved vidare volumbehov skal reinhaldsverket betale kr. 30,- pr. oppfylt m³. Avrekning blir føreteke etter oppmåling etter kvart som fyllinga skrid fram.
7. Nautvik Knuseverk AS gjer opp for sjølv masseuttaket direkte med grunneigar etter gjeldande avtale med han. Denne kostnaden inngår i dei avtalte beløp etter denne avtalen.
8. Nautvik Knuseverk AS pliktar til ei kvar tid å ha frigjort tilstrekkeleg volum.
9. Volda/Ørsta Reinhaldsverk skal syte for å ha fyllplassen inngjerda. Reinhaldsverket avgjer kor stort areal som til ei kvar tid skal vere inngjerda.
10. Eventuelt sikringsarbeid som blir pålagt av offentleg mynde er reinhaldsverkets ansvar. Dersom kostnaden med slike sikringstiltak er større enn det reinhaldsverket finn forsvarleg, kan avtalen mellom partane opphevast.

L E I G E A V T A L E .

Grunneigar Magnar Lid, eigar av gnr. 6, bnr. 1 i Volda, leiger med dette bort ein parsell i Alida til Volda/Ørsta Reinhaldsverk som skal nyttast til grovavfallsfylling, med stipulert areal på ca. 8.000 m². Arealet denne avtalen gjeld er i samsvar med godkjent reguleringsplan, sist revidert 26.03.90, og eigengodkjent i Volda kommunestyre 31.05.90. Parsellen er ikkje oppmålt, og er ikkje frådelt bruket.

Leigeavtalen er oppretta på følgjande vilkår:

1. Leigetida er 15 år, rekna frå den dag opparbeiding av fyllplassen tek til. Dersom volumet er oppfylt før 15 år er gått, vil avtalen opphøre når ein slik situasjon ligg føre.
2. I vederlag betalar leigetakaren eit eingongsbeløp, stort kr. 30.000,-, som forfell til betaling når opparbeiding av fyllplassen tek til og avtalen er tinglyst.
3. Leigetakaren ber kostnaden med oppmåling og tinglysing.
4. Leigetakaren har rett til å lenge avtalen med ytterlegare 15 år. Nytt vederlag vert då å betale som eit eingongsbeløp, med storleik som opprinneleg beløp, oppjustert etter konsumprisindeksen.
5. Inkludert i leigeavtalen inngår rett til å legge naudsynte drensleidningar til sjøen.
6. Leigetakaren skal syte for å ha området innhegna etter krav som det offentlege set.
7. Fjellmassen er grunneigar sin eigedom, og blir godtgjort av entreprenøren som frå før har avtale om slikt masseuttak.
8. Dersom pkt. 10 i avtalen mellom reinhaldsverket og Nautvik Knuseverk AS blir gjort gjeldande, kan denne avtalen med grunneigaren også hevast dersom reinhaldsverket ynskjer det.
9. Volda/Ørsta Reinhaldsverk kan fritt overdra sine rettar etter denne avtalen til eventuelle panthavarar eller andre selskap.
10. Etter at avtaletida er ute, eller dersom avtalen blir heva i samsvar med pkt. 8 ovanfor, og reinhaldsverket har avvikla drifta, skal området planerast til reinhaldsverket sin kostnad.

11. Dersom dei tre avtalane mellom Nautvik Knuseverk AS, reinhaldsverket og Magnar Lid skulle innehalde motstridande bestemmelsar, skal reinhaldsverkets leigeavtale og avtalen mellom reinhaldsverket og Nautvik Knuseverk AS gå framom avtalen mellom Nautvik Knuseverk AS og Magnar Lid.
12. Eventuelle tvistemål om tolking av denne avtalen vert avgjort med bindande verknad ved voldgift av Sorenskrivaren i Søre Sunnmøre.
13. Denne avtalen er underteikna i to eksemplar, der partane har kvar sitt.

Volda _____

Volda _____

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

MØTEBOK

År 1991 den 1. juli vart det halde møte i representantskapet for Volda/ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Jan Driveklepp
Ingrunn Aud Humberstet
Einar Flø
Emil Olsen

Elles møtte: Styreleiar Lars Petter Øye
Distriktsrevisjonen v/ Jon Rønnestad
Voldaregnskap AS v/ Nils Velle

Merknader til innkalling og sakliste elles: Ingen.

SAK 01/91 REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 1990.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Revisor sitt framlegg til desisjon vert godkjend, jfr. pnkt. 1 - 5.

Pnkt. 6:

Representantskapet bed styret vurdere driftsopplegget med omsyn til reduksjon av driftskostnader for å oppnå meir kostnadseffektiv drift.

SAK 02/91 FØRESEGNER SLAMTØMING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Føresegner for slamtøming vert godkjend i samsvar med styret si tilråding i S-sak 25/91. Føresegnene er lagt ved møteboka.

SAK 03/91 AVGIFTER SLAMTØMING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Representantskapet rår Volda og Ørsta kommuner til å fastsette avgifter for slamtøming i samsvar med styret sitt forslag til slike avgifter i S-sak 26/91. Forslaget til avgifter er lagt ved møteboka.

SAK 04/91 FINANSIERING SLAMTØMING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Volda/ørsta Reinhaldsverk tek opp lån, stort kr.
321.000,- til finansiering av investeringar i samband
med oppretting av slambehandlingsløyising.
Styreleiaren skal hente inn tilbod frå KLP, og får
fullmakt til å velje långjevar utifrå gunstigaste til-
bod, og til å leggje fram søknad om kommunal garanti.
Rentebindingstida på lånet skal vere 2 år.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak 25/91 Føresegner slamtøming.

Sakshandsamar: Per Schjelderup

Forslag til føresegner går fram av vedlegg.
Føresegnene tek utgangspunkt i at begge kommunestyra i 1990 har gjort vedtak om å innføre mobil avvatning som behandlingsmetode for kloakkslam.

Føresegnene skal regulere tilhøva mellom reinhaldsverket og abonnent, og angir abonnenten sine plikter, tømerutinar, betaling og innkrevjing av avgift, klagesaksgang, bøtlegging. Vidare er medteke tilhøve om tilkomst til tankane, rapportering om tanktilstand, godtgjering for tøming utanom rutiner, betaling for fellesanlegg.

Føresegnene er bygd opp med bakgrunn i Forureiningslova og vedlegg til denne med ein del tilføyningar.

Føresegnene skal vedtakast av representantskapet og kommunestyra i begge kommunane.

Tilråding til vedtak:

Styret tilrår overfor representantskapet at føresegner for slamtøming blir godkjent.

W 40

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

FØRESEGNER / VEDTEKTER FOR TØMING AV
SLAMAVSKILJARAR.

Begge kommunane har vedteke å innføre mobil avvatning av slam som behandlingsmetode for kloakkslam, Volda kommunestyre i møte 3. mai 1990 og Ørsta kommunestyre i møte 28. mai 1990. Vedtaket vart gjort i medhald av § 34 i forureiningslova.

Desse føresegnene er vedteke av Volda kommunestyre i møte den og av Ørsta kommunestyre i møte den i medhald av lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og av avfall § 26 tredje ledd og § 34.

§ 1.

ABONNENTEN SINE PLIKTER.

Abonnenten skal syte for at anlegga som skal tømast er lett å kome til for tøming med bil. Overdekking av kumlokk o.l. med snø, is, jord osv. må vere fjerna av abonnenten før tøming skal utførast.

Den som tømmer anlegget har rett til å plassere naudsynt utstyr på eigedomen for å få utført tøminga.

§ 2.

TØMING AV SLAMAVSKILJARAR M.M.

Melding om når tøming vil finne stad vil verte gjeve gjennom pressa eller på annan måte som reinhaldsverket finn føremålstenleg.

For eigedomar med fast busetjing og med toalett tilknytt slamavskiljar, skal slamavskiljaren tømast 1 gong pr. 2. år.

For eigedomar med fast busetjing utan toalett tilknytt slamavskiljar og for fritidshus skal slamavskiljaren tømast kvart 3. år.

Tette oppsamlingstankar skal tømast kvart år. I spesielle høve kan reinhaldsverket endre desse innsamlingsrutinane.

4
5

Tøming skal utførast slik at den ikkje er til ulempe for nokon med omsyn til støv, lukt eller støy.

Anlegget skal forlatast i lukka stand, og grunder, portar og dører skal stengast, eventuelt låsast.

§ 3.

KVEN SKAL BETALE AVGIFT.

Abonnetten skal betale ei årleg avgift som blir innkrevd av kommunen. Kommunane fastset reglar for utrekning av storleiken på avgifta.

§ 4.

INNKREVJING, RENTER M.M.

Renovasjonsavgift med tilkomne renter og kostnader er sikra med lovbestemt pant etter pantelova § 6 - 1. Om renteplikt ved for sein betaling og inndrivning av avfallsgebyr gjeld reglane i lov av 6. juni 1975 nr. 29 og eigedomsskatt til kommunane § 26 og § 27 tilsvarande.

§ 5.

KLAGE.

Rette styreorgan kan avgjere klager, søknadar, m.v. som gjeld denne ordninga. Vedtak som er fatta av HTS eller andre som er delegert mynde i medhald av desse føresegnene, kan påklagast til formannskapet i den respektive kommune.

§ 6.

STRAFF.

Brot på føresegnene vert straffa med bøter etter forureiningslova § 79 andre ledd.

§ 7.

TILKOMST.

Abonnentane skal ha skriftlig varsel minst ei veke før tøming. Dersom operatøren ikkje får tøme p.g.a. vanskelig tilkomst eller anna hindring ved fyrste gongs tøming, skal abonnenten få frist til neste tømerunde med å rette manglane. Reinholdsverket vil ikkje påta seg krav for skade på vegar, hagar etc. Dersom vegstandarden er for dårlig, må tankeigar syte for forsterkning.

§ 8.

TILSTANDSRAPPORT.

Ved fyrste gongs tøming skal operatøren fylle ut tilstandsrapport for alle tankar. Seinare skal berre melding sendast om tankar som ikkje er i orden.

§ 9.

MANGLANDE KLARGJERING.

Dersom abonnenten ikkje har klargjort tanken for tøming eller ein må tøme tankar utanom den oppsette arbeidsplanen (rute), kjem tilkøyring i tillegg til tømeprisen. Abonnenten skal bestille og betale denne tenesta direkte til transportøren.

§ 10.

AVGIFTER VED FELLESANLEGG.

For bustadfelta som er bygde utan slamavskiljar for kvart hus, skal huseigarane betale for slamtøming etter minstesats (4,5 m³).

§ 11.

YMSE.

Slamtømaren/transportøren har fått fylgjande retningsliner å arbeide etter:

- Hus tekne i bruk etter 1. januar i tømearret deltek ikkje i tømearordninga første året.
- Andre tankar skal tømast slik som vedteke.
- Køyreruta vert fastsett etter avtale med operator.

44
8

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak 26/91 Avgifter slamtøming.

Sakshandsamar: Per Schjelderup

I styresak 15/91 vart Miljøservice A/S, Stryn, vald til entreprenør for slambehandlinga. Tilbudsprisane er lagt til grunn for avgiftsberekinga. I tillegg er medteke årlege kapitalkostnader for naudsynte investeringar og årlege drifts- og administrasjonskostnader, fordelt ut på eit antatt tankantal.

Tankantalet er svært uvisst, men berekinga er basert på tøming av 500 tankar pr. år, noko som etter drøftingar med kommunane vert vurdert til å vere den nedre grensa for antal tankar.

Tømekostnaden går ned med aukande antal tankar, og vedlagde berekingar syner tømekostnaden dersom tankantalet er 1300 pr. år.

Ettersom det knyter seg stor uvisse til antal tankar, finn ein det rett å berekne avgifta ut frå det lavaste tankantalet.

Framlegg til tømingsavgifter ligg ved, og føresetnaden er at satsane skal gjelde i 1 år.

Avgiftssatsane skal godkjennast av representantskapet og begge kommunestyra.

Tilråding til vedtak:

Styret tilrår overfor representantskapet at fylgjande framlegg til avgiftssatsar blir godkjent:

Årleg slamtømegebyr for tøming av tank kvart 2. år vert sett til fylgjande:

Tankar inntil 4,5 m ³ :	
Tøming 730,-/2	kr. 365,-
Fordelte kostnader	" 308,-

Sum eks. mva.	kr. 673,- pr. år.

Tankar inntil 7,5 m ³ :	
Tøming 1.055,-/2	kr. 527,50
Fordelte kostnader	" 308,-

Sum eks. mva.	kr. 835,50 pr. år.

Tankar inntil 10,0 m3:	
Tøming 1.425,-/2	kr. 712,50
Fordelte kostnader	" 308,-

Sum eks. mva.	kr. 1.020,50 pr. år.

For større tankar og tankar som etter føreskriftene skal tømast sjeldnare eller oftare enn 2. kvart år, vert årsgebyret fastlagt av reinhaldsverket.

Alle prisar skal tilleggast mva.

Avgiftssatsane gjeld for 1991.

Satasane gjeld alle slamavskiljarar/tankar med avstand mindre enn 70 m frå køyreveg for bil og med løftehøgde inntil 10 m frå køyreveg.

Avgift blir å krevje inn kvart år.

MØTEBOK

Det vart halde styremøte i Volda/Ørsta Reinhaldsverk 120892 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Kai Raaberg
Svanhild Myklebust
Hans Ryste
Bjørn Øren (for Per Mork)
Kjetil Årøen, driftsleiar

Det var ikkje merknader til innkalling/ sakliste.

Styreleiar bad om å få handsama fylgjande saker i tillegg :

- Endring i føreskriftene
- Riving av Ose pensjonat
- Søknad om forskottering av salmavgift

Utsett sak nr. 23/92: Årsmelding og rekneskap.

Rekneskapet for 1991, vart godkjendt samrøystes.

Styret tek til vitande dei merknadar revisjonen har til rekneskapet for 1991, og rår representantskapet til å godkjenne Volda/Ørsta Reinhaldsverk sitt budsjett- og ballanserekneskap for 1991 slik han ligg føre i utskrift frå 10.06.92

Årsmeldinga for 1991 vart godkjendt sarøystes, forutsatt mindre endringar.

Sak nr. 26/92: Endring i foreskriftene

Det vart ikkje gjort vedtak om endring i foreskriftene. Styreleiar bad medlemene om å vurdere ulike alternativ til tekstendring.

Sak nr. 27/92: Riving av Ose Pensjonat.

Det vart gjort fleire "lovbrot" både mot forureiningslova og kommunale vedtak då rivingsavfallet frå dette bygget vart deponert på ikkje godkjendt fylling. Styret bad styreleiar og driftsleiar om å ta kontakt med teknisk etat i dei to kommunene for å lage framlegg til retningslinjer i slike saker.

Sak nr. 28/92: Søknad om forskotering av slamavgift.

Det er budsjettert med for få tankar i Volda og Ørsta. Dette medfører at dei overførte midlane som kommunene yter forskudsvis ikkje strekk til.

Styret vedtek å sende ein søknad til kommunene om auka forskottering for å dekke utgiftene vi får på slamtøminga.

(Etter styrevedtaket vart gjort syner det seg at det ikkje er naudsynt å søke om dette. Dersom styret og representantskap godkjenner det reviderte budsjettet for 1992, vil det gå "automatikk" i auken. Søknaden vert pga dette ikkje sendt før eventuelt etter budsjetthandsaminga.)

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

MØTEBOK

År 1991 den 17. desember vart det halde møte i styret for Volda/Ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Lars Petter Øye
Rasmus R. Aarflot
Knut Bere
Helge Remøy
Per R. Mork

Elles deltok Voldaregnskap AS v/ Nils Velle

Styreleiar Lars Petter Øye ba om at det ble satt 2 nye saker på saklista:

SAK 069/91 PLANLEGGINGSKOSTNADER SLAM/GROVAVFALL.

SAK 070/91 AVSLUTTINGSTILSTELLING FOR DEI TILSETTE TIL JUL.

Merknader til innkalling og sakliste elles: Ingen.

Følgjande saker vart refererte:

Det vart orientert om budsjettsituasjonen, som vart teke til vitande.

Befaringsrapport i høve at garantien for komprimatorstasjonen nå går ut vart referert og teke til vitande.

Det vart opplyst om at ein av komprimatorbilane er ute av drift grunna teknisk havari. Det står føre ein omfattanda og kostesam reparasjon. Det bør hentast inn tilbod på ein brukt komprimatorbil før ein tek stilling til reparasjon. Leasing av bil bør vurderast. Saka vert å legge fram for det neste styret.

Det nye representantskapet og styret, samt Jan Driveklepp og Lars Petter Øye skal kallast inn til konstituerande møte i veke 2 i 1992.

Brev frå Magnar Lid vedr. rutinar på Miljøstasjonen vart referert og teke til vitande. Administrasjonen vert beden om å legge saka fram for det nye styret.

SAK 065/91 PAPIRINNSAMLING - RESIRKULERING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Saka er referert og teke til vitande.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

-2-

SAK 066/91 PRIVAT INNSAMLING AV AVFALL PÅ FJORDANE I VOLDA -
AVVIKLING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Avtalane med Eldar Hjelle og Per Tore Lauvstad vert
sagt opp med verknad frå 15.04.1992.

SAK 067/91 LOKALE LØNSFORHANDLINGAR.

Det var usemje om Per Mork som representant for dei
tilsette var ugild i denne saka. Han valde difor
sjølv å gå frå møtet under handsaminga.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Forhandlingsprotokollen, datert 09.12.1991 vert
godkjent.

SAK 068/91 DRIFTSLEIARSTILLINGA.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Avtroppande styreleiar, Lars Petter Øye, i samarbeid
med administrasjonen utarbeidar alfabetisk liste over
søkjarane til stillinga, og legg saka fram for det nye
styret saman med eventuell tilråding.

SAK 069/91 PLANLEGGINGSKOSTNADER SLAM/GROVAVFALL.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret godkjenner påløpne kostnadar til planlegging frå
Per Mulvik AS slik:

Slamtøming:	Kr. 86.661,-
Grovavfallsfylling:	" 38.850,-
Samla:	<u>Kr. 125.511,-</u>
	Eks. m.v.a.

Ved fakturering skal desse førast på dei respektive
prosjekta.

2/3

-3-

SAK 070/91 AVSLUTTINGSTILSTELLING FOR DEI TILSETTE TIL JUL.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Det kan haldast ei tilstelling med bevertning for dei tilsette som avslutting før jul. Kostnadane skal ikkje vere høgare enn kr. 125,- pr. person.

Møtet heva kl. 1830.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

MØTEBOK

År 1991 den 12. november vart det halde møte i styret for Volda/Ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Lars Petter Øye
 Rasmus R. Aarflot
 Knut Bere
 Helge Remøy
 Per R. Mork
 Elles deltok Voldaregnskap AS v/ Jon-H. Martinussen

Merknader til innkalling og sakliste elles: Ingen.

SAK 060/91 ANAEROB BEHANDLING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret vedtek at Volda/Ørsta Reinhaldsverk kan stå som søkjar i samband med finansiering av forprosjekt for anaerob handsaming av organisk avfall. Prosjektet må fullfinansierast med tilskot.

Miljøteknologigruppa for Ørsta/Volda v/Møreforskning vert bedt om å utarbeide naudsynte søknader for finansiering av forprosjektet utan kostnader for Volda/Ørsta Reinhaldsverk.

Når tilsegn om tilskot ligg føre, skal saka handsamast i styret på ny før eventuelt arbeid vert sett igang.

SAK 061/91 BUDSJETT FOR 1992.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Framlegg til budsjett for 1992 vert godkjend.

Framlegget er lagt ved møteboka.

SAK 062/91 FRAMLEGG TIL RENOVASJONSAVGIFTER FOR 1992.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Representantskapet i Volda/Ørsta Reinhaldsverk rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å vedta renovasjonsavgiftene for 1992 i samsvar med framlegget.

Framlegget er lagt ved møteboka.

-2-

SAK 063/91 UTLYSING AV DRIFTSLEIARSTILLING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Driftsleiarstillinga vert å lyse ut snarast i samsvar med framlegget til annonsetekst som er lagt ved møteboka.

Lysing skal gjerast i Møre, Mørenytt, Sunnmørsposten og Teknisk Ukeblad. Søknadsfrist 15.12.1991.

SAK 064/91 SØKNADER OM FRITAK FRÅ RENOVASJON ELLER OM NEDSETT RENOVASJONSAVGIFT.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

- a) Johanne Bø, Ørstavegen 56, Volda.
Søknaden kan ikkje imøtekomast.
- b) Alvhild Eidset, Vassbakke, 6120 Folkestadbygd.
Søknaden kan ikkje imøtekomast. Ein søknad om fritak på sosialt grunnlag må rettast til Volda kommune.
- c) Hans Milde, Høydal.
Søknaden kan ikkje imøtekomast. Ein søknad om fritak på sosialt grunnlag må rettast til Volda kommune.
- d) Sigfrid Stornes, Austefjorden.
Søknaden kan imøtekomast.
- e) Mina Kile, Kile, 6120 Folkestadbygd.
Søknaden kan ikkje imøtekomast. Ein søknad om redusert avgift på sosialt grunnlag må rettast til Volda kommune.
- f) Ragnar og Ruth Rørstad, 6117 Barstadvik.
Søknaden kan ikkje imøtekomast. Ein søknad om redusert avgift på sosialt grunnlag må rettast til Ørsta kommune.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Sak nr. S-61/91

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR 1992.

Miljøstasjonen i Hovdebygda er eit topp moderne anlegg, og Reinhaldsverket markerer seg som ein god serviceinstitusjon for folk og verk- semder i Volda og Ørsta kommunar.

Renovasjonsområdet dekkjer no alle område som kommunane har vedteke å skulle ha tvungen offentleg renovasjon. Dette vil i praksis seie at så godt som begge kommunene er dekkja.

Ein satsar på god service, og har "langope" 1 dag i veka. Tidlegare hadde ein langope 2 dagar i veka, men for å spare kostnader er dette redusert til 1 dag, og ein meiner likevel å støtte folk sitt leveringsbehov på tilfredsstillande vis.

Ordninga med mottak for kvitevarer, batterier, papir, papp og spesialavfall og glass bør oppretthaldast. Det vert ikkje kravd avgift for desse tenestene no, og ordninga fungerer svært godt. Sjølv om dette kostar ein del, bør ein ikkje legge særskild avgift på desse tenestene førebels. Dersom ein gjer dette, må ein rekne med at slikt avfall vil verte "deponert" på anna ukontrollert og uønskt vis.

Mottak av slam og grovavfall vil verte satt i drift i 1992, og det er i budsjettet rekna med at desse ordningane skal vere sjølvfinansierande. Dersom ein skal oppnå levering av lønsame mengder avfall i den planlagde grovavfallsfyllinga i Alida, må fyllinga ta imot alt grovavfall i regionen. Fyllinga i Aambøhola må difor avviklast.

Ein må og syte for at det ikkje vert mogeleg å dumpe eller brenne avfall på ulovleg vis utan at det vert reagert strengt. Dette er svært viktig, då ein elles ikkje kan rekne med å oppnå å få hand om dei budsjetterte mengder avfall som er naudsynte for å få til lønsam drift av Reinhaldsverket.

Kostnadssida i budsjettet er bygd på omlag same driftsform som for 1991, men det er lagt inn ei halv stilling meir. Dette skuldast oppretting av mottak for slam og grovavfall, og vert løyst ved at noverande driftsleiar som er gått ned i halv stilling, tek over som oppsynsmann i halv stilling og ny driftsleiar vert tilsett i heil stilling.

Etter den nye instruksen for driftsleiaren skal han ha ansvar for langt fleire administrative oppgåver enn det som har vore lagt til stillinga tidlegare, og dette vil føre med seg at ein må framskaffe ein del data- og anna kontorutstyr. I tillegg til dette må ein rekne med at det må gjerast ein kjøp av mellom anna glasigloar og utstyr til kommunikasjon o.l. i 1992. Ein har difor budsjettert med kr. 75.000,- til kjøp av utstyr. Ein har ikkje gjort nokre slike kjøp i 1991.

Ein har arbeidd mykje med lån og finansiering i 1991, og dette vil føre til at ein får lågare rentekostnader i 1992; Noko ein vil si seg svært nøgd med.

For å få dekning for kostnadane i budsjettet for 1992, som utgjer kr. 9.654.360,- inkl. investeringar i mottak for slam og grovavfall, må ein auke satsane for levering av avfall med omlag 4%, som er i samsvar med den generelle kostnadsauken som det vert rekna med for Noreg for 1992. Resultatet av dette vert at stativavgifta går opp med kr. 50,- til kr. 1.250,-, og satsane for anna avfall med kr. 1,- pr. kollo og kr. 50,- pr. tonn. Alle satsar gjeld eks. meirverdeavgift som vert å rekne i tillegg.

Budsjettet er satt opp på et sær s nøyktternt grunnlag, og reduksjonar i kostnadane må i so fall føre til reduksjon i dei tenestene ein kan yte eller til andre drastiske endringar i driftsmønsteret.

Tilråding til vedtak: Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Framlegg til budsjett for 1992 vert godkjend.

Vedtak: Samrøystes etter tilrådinga.

Volda/Ørsta Reinholdswerk

Side 1

BUDSJETT FOR 1992
(Utarbeidd pr. 6. november 1991)

Utgifter:

	BUDSJETT 1992	BUDSJETT 1991	REKNESKAP 1990
	Kr.	Kr.	Kr.
38.00.001	12.000	12.000	17.400,00
010	1.909.700	1.780.000	1.615.785,44
081	250.000	270.000	326.957,62
082	30.000	65.000	87.431,95
090	294.600	280.800	276.161,88
091	87.500	80.600	44.600,50
095	5.000	5.000	3.749,80
100	0	0	744.789,55
110	75.000	0	115.672,89
151	2.000	2.000	15.857,80
152	60.000	30.000	51.868,28
153	12.500	12.000	22.607,07
200	50.000	36.000	52.142,12
201	2.000	2.000	1.988,00
210	50.000	40.000	26.631,41
211	0	0	1.060,72
212	35.000	30.000	28.191,35
213	12.000	4.700	2.068,00
222	9.000	9.000	3.805,00
226	1.000	1.000	0,00
230	37.000	37.000	38.055,12
231	26.000	25.000	24.916,00
240	105.000	100.000	71.414,00
250	126.000	120.000	86.807,90
255	408.000	408.000	358.403,78
256	20.000	20.000	0,00
	<u>3.619.300</u>	<u>3.370.100</u>	<u>4.018.366,18</u>

overført til side 2

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Budsjett 1992 forts.:

Side 2

	Budsjett 1992 Kr.	Budsjett 1991 Kr.	Rekneskap 1990 Kr.
38.00.257	3.619.300	3.370.100	4.018.366,18
	0	0	2.036,67
258	123.000	0	0,00
259	140.000	0	0,00
260	125.000	120.000	277.050,79
270	20.000	17.000	16.264,18
271	25.000	0	0,00
280	25.000	15.000	14.358,81
290	26.000	25.000	4.964,10
291	10.000	3.000	2.000,00
292	0	0	0,23
293	50.000	50.000	55.519,15
294	68.000	60.000	123.873,00
295	135.200	130.000	99.039,64
296	350.000	400.000	360.580,75
297	50.000	50.000	80.450,00
298	2.896.000	2.760.000	2.470.024,58
299	16.400	15.700	22.425,00
340	10.000	5.000	11.469,50
380	25.000	50.000	45.587,50
381	393.874	481.400	640.852,24
382	156.711	244.800	113.726,00
383	70.000	0	0,00
389	0	0	1.285,19
410	0	0	128.079,98
420	321.000	273.000	3.156,70
430	423.000	423.000	0,00
522	165.875	22.615	0,00
581	169.100	61.200	0,00
582	218.800	218.800	93.750,00
583	22.100	0	0,00
	<u>9.654.360</u>	<u>121.385</u>	<u>0,00</u>
		<u>8.917.000</u>	<u>8.584.860,19</u>

overført frå side 1
 Spesialavfall
 Driftskostnader slambehandling
 Driftskostnader grovavfallsfylling
 Rep. / Vedlikehald bilar
 Verne- og arbeidskle
 Linjeleige Radio/Helgehornet
 Garanti- & ulykkestrygd personer
 Andre utgifter
 Kursutgifter
 Øreavrunding mva
 Utgifter batteriinnsamling
 Rekneskap / Skrivehjelp / Revisjon
 Leige maskiner / bilar
 Sekkekjøp
 Kjøp av stativ
 Forbrenningskostnader
 Bedriftshelsetenesta
 Skadeerstatninger
 Renter kassakreditt
 Renter lån komprimatorstasjon
 Renter lån biler
 Renter lån grovavfall / slam
 Ymse renter / morarenter
 Anlegg spesialavfall
 Anlegg slamdepot, Ubenyttta 1991, Ov. 1992
 Anlegg grovavfall, Ubenyttta 1991, Ov. 1992
 Dekking av halvparten av underskot frå 1990
 Avdrag lån komprimatorstasjon
 Avdrag lån bilar
 Avdrag lån grovavfall / slam
 Overskot; Å nytte til å styrke kontantmidelen
 Sum utgifter

Volda/Ørsta Reinholdswerk

Side 3

Budsjett for 1992 forts.:

Inntekter:

	Budsjett 1992	Budsjett 1991	Rekneskap 1990
	Kr.	Kr.	Kr.
38.00.60	53.000	50.000	50.759,00
602	63.000	60.000	97.500,00
61	6.767.500	6.600.000	5.391.213,37
62	937.500	888.000	1.534.832,68
62	585.000	515.500	"
62	91.000	70.000	"
630	204.000	0	0,00
631	200.000	30.000	0,00
670	9.360	7.500	9.312,48
700	0	0	61.897,00
701	0	0	16.423,31
780	0	0	16.174,10
840	0	0	75.000,00
982	0	0	1.000.000,00
985	661.000	696.000	0
990	83.300	0	0
	<u>9.654.360</u>	<u>8.917.000</u>	<u>331.748,25</u>
			<u>8.584.860,19</u>

Sal av sekkar
 Sal av stativ
 Renovasjonsavg. 5.414 stativ à kr. 1.250,-, henta
 Forretn.avfall 37.500 kollen à kr. 25,-, henta
 Forretn.avfall 450 tonn à kr. 1.300,-, levert
 Privat levering 70 tonn à kr. 1.300,-, levert
 Grovavfall: 2.000 m³ à kr. 102,-, levert
 Mottak av slam: R.S , henta
 Transport cont.: 36 turer à kr. 260,-
 Refunderede sjukepengar
 Refunderert for 5. ferieuke
 Renteinntekter frå bank
 Tilskot til nyanlegg
 Lån Bolig- og Næringskreditt
 Lån nyanlegg, KLP, Ikke opptatt -91, ovf. 92
 Lån overført frå 1991
 Rekneskapsmessig underskot 1990
 Sum inntekter

Sak nr.: 62/91

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

FRAMLEGG TIL RENOVASJONSAVGIFTER FOR 1992:

Renovasjonsavg.:	Pr. stativ	kr. 1.250,-, henta
Brennbart avfall:	Pr. kollo	kr. 25,-, henta
Brennbart avfall:	Pr. tonn	kr. 1.300,-, levert
Grovavfall (avfall som ikkje går til resirkulering eller er brennbart:		
	Pr. m3	kr. 102,-, levert
Slamtøming pr. år:	Tankar inntil 4,5m3	kr. 700,-, henta
	Tankar inntil 7,5m3	kr. 869,-, henta
	Tankar inntil 10,0m3	kr. 1.062,-, henta
For større tankar og tankar som etter føreskriftene skal tømast sjeldnare eller oftare enn 2. kvart år, vert årsgebyret fastlagt av Reinhaldsverket.		

Meirverdeavgift skal reknast i tillegg.

Tilråding til vedtak: Styret rår representantskapet til gjere slikt vedtak: Representantskapet i Volda / Ørsta Reinhaldsverk rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å vedta renovasjonsavgiftene for 1992 i samsvar med framlegget.

Vedtak: Samrøystes etter tilrådinga.

Sak nr. 63/91

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

Framlegg til annonsetekst vedr. ny driftsleiar:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk er eit interkommunalt selskap som vert eigd av Volda og Ørsta kommunar. Selskapet har ansvaret for all offentleg renovasjon i eigarkommunane.

Selskapet eig og driv ein moderne miljø- og komprimatorstasjon for mottak og vidaretransport av avfall. Slammottak og grovavfallsfylling er under etablering og vert sett i drift i 1992. Selskapet har no 11 tilsette. Administrasjonsspråket i selskapet er nynorsk.

D R I F T S L E I A R

Selskapet sin noverande driftsleiar ønskjer av helsemessige årsaker å trappe ned og vi søker difor etter etterfølgaren hans. Driftsleiaren er selskapet sin daglege leiar, og næraste overordna er styret.

Det er utarbeidd instruks for stillinga, og arbeidsområdet omfattar mellom anna:

- Dagleg leing av reinhaldsverket, samordning og kontroll.
- Personalforvaltning.
- Teknisk og økonomisk planlegging.
- Budsjettering.
- Løner, materiell og rekneskapskontroll.
- Finansiering.
- Eigeomsforvaltning.
- Saksbehandling og sekretærarbeid for styre og representantskap, arbeidsmiljøutval m.v., ekspedisjon, arkiv m.v.
- Teknisk drift av anlegg.
- Registrering, ekspedering og publikumsservice.

Stillinga er krevjande og det vert stilt krav til både administrative evner og kunnskapar og til teknisk innsikt. Søkjarar må ha relevant utdanning, helst ingeniør med administrativ røynsle frå kommunal verksemd.

Løn etter avtale mellom lønssteg 26 - 30 i det offentlege regulativet.

Selskapet har obligatorisk pensjonsordning. Det er ønskjeleg at den som vert tilsett tek til i stillinga snarast mogeleg.

Spørsmål om stillinga kan rettast til styreleiar Lars Petter Øye, telefon kontor: (070) 63113 - privat: (070) 61115.

Søknad, merka "Driftsleiar", vert å sende innan 15.12.1991 til:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk
v/ styreleiar Lars Petter Øye
6150 Ørsta

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak nr. 64/91

Sakshandsamar: Knut Brune

SØKNADER OM FRITAK FRÅ RENOVASJON ELLER OM NEDSETT RENOVASJONSAVGIFT.

- a) Johanne Bø, Ørstavn. 56, 6100 Volda har søkt om ikkje å få levert alle bossekkane då dei hopar seg opp.

VØR har ikkje rutinar for å kunne administrere utlevering av varierende antal sekkar til den einskilde abonnent, då desse er pakka frå leverandør i samsvar med årsforbruk. Kjøp av sekkar vert også gjort med bakgrunn i antal abonnentar. Dersom ein skal gjere unntak frå desse rutinane vil ein kunne få ein heilt uhandterleg situasjon på dette området, både i høve til bestilling, utkøyring og avgifts-avrekning.

Tilråding til vedtak:

Søknaden kan ikkje imøtekomast.

- b) Alvhild Eidset, Vassbakke, 6120 Folkestadbygd har søkt om fritak frå renovasjon.

Eigedomen ligg i område for tvungen renovasjon. Alle eigedomar som kjem inn under desse områda skal vere med i renovasjonsordninga.

Tilråding til vedtak:

Søknaden kan ikkje imøtekomast. Ein søknad om fritak på sosialt grunnlag må rettast til Volda kommune.

- c) Hans Milde, Høydal har søkt om fritak frå renovasjon.

Eigedomen ligg i område for tvungen renovasjon. Alle eigedomar som kjem inn under desse områda skal vere med i renovasjonsordninga.

Tilråding til vedtak:

Søknaden kan ikkje imøtekommast. Ein søknad om fritak på sosialt grunnlag må rettast til Volda kommune.

- d) Sigfrid Stornes, Austefjorden har søkt om fritak frå renovasjon.

Eigedomen er ikkje i bruk, og Sigfrid Stornes kan difor fritakast frå renovasjon.

Tilråding til vedtak:

Søknaden kan imøtekomast.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

sak 64/91 forts.

- e) Mina Kile, Kile, 6120 Folkestadbygd har søkt om nedsett renovasjonsavgift.

Styret i VØR har ikkje heimel til å innrømme redusert renovasjonsavgift.

Tilråding til vedtak:

Søknaden kan ikkje imøtekomast. Ein søknad om redusert avgift på sosialt grunnlag må rettast til Volda kommune.

- f) Ragnar og Ruth Rørstad, 6171 Barstadvik har søkt om fritak frå renovasjon.

Eigedomen ligg i område for tvungen renovasjon. Alle eigedomar som kjem inn under desse områda skal vere med i renovasjonsordninga.

Tilråding til vedtak:

Søknaden kan ikkje imøtekomast. Ein søknad om redusert avgift på sosialt grunnlag må rettast til Ørsta kommune.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Sak nr. S-61/91

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR 1992.

Miljøstasjonen i Hovdebygda er eit topp moderne anlegg, og Reinhaldsverket markerer seg som ein god serviceinstitusjon for folk og verk- semder i Volda og Ørsta kommunar.

Renovasjonsområdet dekkjer no alle område som kommunane har vedteke å skulle ha tvungen offentleg renovasjon. Dette vil i praksis seie at så godt som begge kommunene er dekkja.

Ein satsar på god service, og har "langope" 1 dag i veka. Tidlegare hadde ein langope 2 dagar i veka, men for å spare kostnadar er dette redusert til 1 dag, og ein meiner likevel å støtte folk sitt leveringsbehov på tilfredsstillande vis.

Ordninga med mottak for kvitevarer, batterier, papir, papp og spesialavfall og glass bør oppretthaldast. Det vert ikkje kravd avgift for desse tenestene no, og ordninga fungerer svært godt. Sjølv om dette kostar ein del, bør ein ikkje legge særskild avgift på desse tenestene førebels. Dersom ein gjer dette, må ein rekne med at slikt avfall vil verte "deponert" på anna ukontrollert og uønskt vis.

Mottak av slam og grovavfall vil verte satt i drift i 1992, og det er i budsjettet rekna med at desse ordningane skal vere sjølvfinansierande. Dersom ein skal oppnå levering av lønsame mengder avfall i den planlagde grovavfallsfyllinga i Alida, må fyllinga ta imot alt grovavfall i regionen. Fyllinga i Aambøhola må difor avviklast.

Ein må og syte for at det ikkje vert mogeleg å dumpe eller brenne avfall på ulovleg vis utan at det vert reagert strengt.

Dette er svært viktig, då ein elles ikkje kan rekne med å oppnå å få hand om dei budsjetterte mengder avfall som er naudsynte for å få til lønsam drift av Reinhaldsverket.

Kostnadssida i budsjettet er bygd på omlag same driftsform som for 1991, men det er lagt inn ei halv stilling meir.

Dette skuldast oppretting av mottak for slam og grovavfall, og vert løyst ved at noverande driftsleiar som er gått ned i halv stilling, tek over som oppsynsmann i halv stilling og ny driftsleiar vert tilsett i heil stilling.

Etter den nye instruksen for driftsleiaren skal han ha ansvar for langt fleire administrative oppgåver enn det som har vore lagt til stillinga tidlegare, og dette vil føre med seg at ein må framskaffe ein del data- og anna kontorutstyr. I tillegg til dette må ein rekne med at det må gjerast ein kjøp av mellom anna glasigloar og utstyr til kommunikasjon o.l. i 1992. Ein har difor budsjettert med kr. 75.000,- til kjøp av utstyr. Ein har ikkje gjort nokre slike kjøp i 1991.

Ein har arbeidd mykje med lån og finansiering i 1991, og dette vil føre til at ein får lågare rentekostnader i 1992; Noko ein vil si seg svært nøgd med.

For å få dekning for kostnadane i budsjettet for 1992, som utgjer kr. 9.654.360,- inkl. investeringar i mottak for slam og grovavfall, må ein auke satsane for levering av avfall med omlag 4%, som er i samsvar med den generelle kostnadsauken som det vert rekna med for Noreg for 1992. Resultatet av dette vert at stativavgifta går opp med kr. 50,- til kr. 1.250,-, og satsane for anna avfall med kr. 1,- pr. kollo og kr. 50,- pr. tonn. Alle satsar gjeld eks. meirverdeavgift som vert å rekne i tillegg.

Budsjettet er satt opp på et særskilt nøkternt grunnlag, og reduksjonar i kostnadane må i so fall føre til reduksjon i dei tenestene ein kan yte eller til andre drastiske endringar i driftsmønsteret.

Tilråding til vedtak: Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Framlegg til budsjett for 1992 vert godkjend.

Vedtak: Samrøystes etter tilrådinga.

Volda/Ørsta Reinholdsværk

Side 1

BUDSJETT FOR 1992
(Utarbeidd pr. 6. november 1991)

Utgifter:

	BUDSJETT 1992	BUDSJETT 1991	REKNEKAP 1990
	Kr.	Kr.	Kr.
38.00.001	Møtegodtgjersle	12.000	17.400,00
010	Faste løner	1.909.700	1.615.785,44
081	Ekstrahjelp	250.000	326.957,62
082	Overtid	30.000	87.431,95
090	Arb.gj.avgift	294.600	276.161,88
091	Pensjon	87.500	44.600,50
095	Sosiale kostnader	5.000	3.749,80
100	Ny renovasjonsbil	0	744.789,55
110	Nyanskaffelser maskinar/tekn.utstyr	75.000	115.672,89
151	Vedlikehald Alida	2.000	15.857,80
152	Vedlikehald Komprimatorstasjon	60.000	51.868,28
153	Vedlikehald maskinar/utstyr	12.500	22.607,07
200	Kontorutgifter, inkl. reklame	50.000	52.142,12
201	Gebyrer etc. betalingsformidling	2.000	1.988,00
210	Lys / Brensel	50.000	26.631,41
211	Reinh.materiell/lyspære etc.	0	1.060,72
212	Vask og reinhald	35.000	28.191,35
213	Kommunale avgifter	12.000	2.068,00
222	Trygd bygg	9.000	3.805,00
226	Grunnleige fyllplass	1.000	0,00
230	Reise / Kostgodtgjersle	37.000	38.055,12
231	Ferjeutgifter	26.000	24.916,00
240	Avgifter / Trygd bilar	105.000	71.414,00
250	Drivstoff bilar	126.000	86.807,90
255	Transport til Grautneset	408.000	358.403,78
256	Transport glas	20.000	0,00
	overført til side 2	3.370.100	4.018.366,18
		<u>3.619.300</u>	<u>4.018.366,18</u>

Volda/Ørsta Reinholdswerk

Budsjett 1992 forts.:

Side 2

	Budsjett 1992	Budsjett 1991	Rekneskap 1990
	Kr.	Kr.	Kr.
overført frå side 1	3.619.300	3.370.100	4.018.366,18
Spesialavfall	0	0	2.036,67
Driftskostnader slambehandling	123.000	0	0,00
Driftskostnader grovavfallsfylling	140.000	0	0,00
Rep. / Vedlikehald bilar	125.000	120.000	277.050,79
Verne- og arbeidskle	20.000	17.000	16.264,18
Linjeleige Radio/Helgehornet	25.000	0	0,00
Garanti- & ulykkestrygd personer	25.000	15.000	14.358,81
Andre utgifter	26.000	25.000	4.964,10
Kursutgifter	10.000	3.000	2.000,00
Øreavrundning mva	0	0	0,23
Utgifter batteriinnsamling	50.000	50.000	55.519,15
Rekneskap / Skrivehjelp / Revisjon	68.000	60.000	123.873,00
Leige maskiner / bilar	135.200	130.000	99.039,64
Sekkekjøp	350.000	400.000	360.580,75
Kjøp av stativ	50.000	50.000	80.450,00
Forbrenningskostnader	2.896.000	2.760.000	2.470.024,58
Bedriftshelsetenesta	16.400	15.700	22.425,00
Skadeerstatninger	10.000	5.000	11.469,50
Renter kassakreditt	25.000	50.000	45.587,50
Renter lån komprimatorstasjon	393.874	481.400	640.852,24
Renter lån biler	156.711	244.800	113.726,00
Renter lån grovavfall / slam	70.000	0	0,00
Ymse renter / morarenter	0	0	1.285,19
Anlegg spesialavfall	0	0	128.079,98
Anlegg slamdepot, Ubenyttta 1991, Ov. 1992	321.000	273.000	3.156,70
Anlegg grovavfall, Ubenyttta 1991, Ov. 1992	423.000	423.000	0,00
Dekking av halvparten av underskot frå 1990	165.875	22.615	0,00
Avdrag lån komprimatorstasjon	169.100	61.200	0,00
Avdrag lån bilar	218.800	218.800	93.750,00
Avdrag lån grovavfall / slam	22.100	0	0,00
Overskot; Å nytte til å styrke kontantmidelen	0	121.385	0,00
Sum utgifter	<u>9.654.360</u>	<u>8.917.000</u>	<u>8.584.860,19</u>

Volda/Ørsta Reinholdsværk

Budsjett for 1992 forts.:

Side 3

Inntekter:

	Budsjett 1992	Budsjett 1991	Rekneskap 1990
	Kr.	Kr.	Kr.
38.00.60	Sal av sekkar	53.000	50.759,00
602	Sal av stativ	63.000	97.500,00
61	Renovasjonsavg. 5.414 stativ à kr. 1.250,-, henta	6.767.500	5.391.213,37
62	Forretn.avfall 37.500 kulli à kr. 25,-, henta	937.500	1.534.832,68
62	Forretn.avfall 450 tonn à kr. 1.300,-, levert	585.000	"
62	Privat levering 70 tonn à kr. 1.300,-, levert	91.000	"
630	Grovavfall: 2.000 m3 à kr. 102,-, levert	204.000	0,00
631	Mottak av slam: R.S	200.000	0,00
670	Transport cont.: 36 turer à kr. 260,-	9.360	9.312,48
700	Refunderede sjukepengar	0	61.897,00
701	Refundert for 5. ferieuke	0	16.423,31
780	Renteinntekter frå bank	0	16.174,10
840	Tilskot til nyanlegg	0	75.000,00
982	Lån Bolig- og Næringskreditt	0	1.000.000,00
985	Lån nyanlegg, KLP, Ikke opptatt -91, ovf. 92	661.000	0
	Lån overført frå 1991	83.300	0
990	Rekneskapsmessig underskot 1990	0	331.748,25
	Sum inntekter	<u>9.654.360</u>	<u>8.584.860,19</u>

Sak nr.: 62/91

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

FRAMLEGG TIL RENOVASJONSAVGIFTER FOR 1992:

Renovasjonsavg.:	Pr. stativ	kr. 1.250,-, henta
Brennbart avfall:	Pr. kollo	kr. 25,-, henta
Brennbart avfall:	Pr. tonn	kr. 1.300,-, levert
Grovavfall (avfall som ikkje går til resirkulering eller er brennbart:		
	Pr. m3	kr. 102,-, levert
Slamtøming pr. år:	Tankar inntil 4,5m3	kr. 700,-, henta
	Tankar inntil 7,5m3	kr. 869,-, henta
	Tankar inntil 10,0m3	kr. 1.062,-, henta
	For større tankar og tankar som etter føreskriftene skal tømast sjeldnare eller oftare enn 2. kvart år, vert årsgebyret fastlagt av Reinhaldsverket.	

Meirverdeavgift skal reknast i tillegg.

Tilråding til vedtak: Styret rår representantskapet til gjere slikt vedtak: Representantskapet i Volda / Ørsta Reinhaldsverk rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å vedta renovasjonsavgiftene for 1992 i samsvar med framlegget.

Vedtak: Samrøystes etter tilrådinga.

Sak nr. 63/91

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

Framlegg til annonsetekst vedr. ny driftsleiar:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk er eit interkommunalt selskap som vert eigd av Volda og Ørsta kommunar. Selskapet har ansvaret for all offentleg renovasjon i eigarkommunane. Selskapet eig og driv ein moderne miljø- og komprimatorstasjon for mottak og vidaretransport av avfall. Slammottak og grovavfallsfylling er under etablering og vert sett i drift i 1992. Selskapet har no 11 tilsette. Administrasjonsspråket i selskapet er nynorsk.

D R I F T S L E I A R

Selskapet sin noverande driftsleiar ønskjer av helsemessige årsaker å trappe ned og vi søker difor etter etterfølgaren hans. Driftsleiar er selskapet sin daglege leiar, og næraste overordna er styret.

Det er utarbeidd instruks for stillinga, og arbeidsområdet omfatter mellom anna:

- Dagleg leiing av reinhaldsverket, samordning og kontroll.
- Personalforvaltning.
- Teknisk og økonomisk planlegging.
- Budsjettering.
- Løner, materiell og rekneskapskontroll.
- Finansiering.
- Eigedomsforvaltning.
- Saksbehandling og sekretærarbeid for styre og representantskap, arbeidsmiljøutval m.v., ekspedisjon, arkiv m.v.
- Teknisk drift av anlegg.
- Registrering, ekspedering og publikumsservice.

Stillinga er krevjande og det vert stilt krav til både administrative evner og kunnskapar og til teknisk innsikt. Søkjarar må ha relevant utdanning, helst ingeniør med administrativ røynsle frå kommunal verksemd.

Løn etter avtale mellom lønssteg 26 - 30 i det offentlege regulativet.

Selskapet har obligatorisk pensjonsordning. Det er ønskjeleg at den som vert tilsett tek til i stillinga snarast mogeleg.

Spørsmål om stillinga kan rettast til styreleiar Lars Petter Øye, telefon kontor: (070) 63113 - privat: (070) 61115.

Søknad, merka "Driftsleiar", vert å sende innan 15.12.1991 til:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk
v/ styreleiar Lars Petter Øye
6150 Ørsta

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

MØTEBOK

Det var kalla inn til styremøte på Miljøstasjonen i Hovdebygda torsdag 17. oktober 1991 kl. 1700. Dette møtet måtte avlysast grunna for stort forfall, og difor vart det istaden halde møte i styret for Volda/ørsta Reinhaldsverk pr. telefon tysdag 22. oktober 1991.

Desse deltok: Lars Petter Øye
Knut Bere
Helge Remøy
Per R. Mork

Elles deltok Voldaregnskap AS v/ Jon-H. Martinussen

Merknader til innkalling og sakliste elles: Ingen.

SAK 058/91 REFINANSIERING AV KASSAKREDITT.
Denne saka vart behandla av representantskapet i møtet 17. oktober, og det hadde difor inga hensikt å behandle ho i styret no.

SAK 059/91 AVFALLSPLAN.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Volda/ørsta Reinhaldsverk engasjerar Fa. Per Mulvik AS til utarbeide avfallsplan for Volda og Ørsta kommunar i høve til tilbod av 16.10.1991, stort kr. 39.000,- med tillegg for mangfaldiggjering og mva; Totalkostnad omlag kr. 48.000,-.

Då VØR ikkje sjølv har midlar til å dekke denne kostnaden, er det ein føresetnad for å kunne engasjere Per Mulvik AS til oppdraget at Volda og Ørsta kommunar kvar dekker 50% av kostnaden, i.e kr. 24.000,- kvar. Søknad om slikt tilskot vert å sende Volda og Ørsta kommunar snarast.

Lars Petter Øye
Knut Bere
Helge Remøy
Per R. Mork

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

MØTEBOK

År 1991 den 19. september vart det halde møte i styret for Volda/ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Lars Petter Øye
Knut Bere
Helge Remøy
Per R. Mork

Elles møtte: Driftsleiar Knut Brune
Per Mulvik AS v/ Per Schjelderup
Voldaregnskap AS v/ Jon-H. Martinussen

Merknader til innkalling og sakliste elles: Ingen.

Styreleiaren ba om behandling av ny sak:
057/91 VOLDGIFTSSAK SST / VØR

SAK 049/91 GROVAVFALLSFYLLING - Godkjenning av avtalar med Nautvik Knuseverk AS og Magnar Lid.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret tilrår representantskapet å gjere slikt vedtak: Avtalane med Nautvik Knuseverk AS og med Magnar Lid med dei endringar som er nemnde i saksdokumenta og som er tilrådde frå advokat Standal vert godkjende. Det er ein føresetnad at kommunestyra gir naudsynte lånegarantiar. Avtalene er lagd ved møteboka i endeleg form.

SAK 050/91 GROVAVFALLSFYLLING / SLAMTØMING - finansiering.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Volda/ørsta Reinhaldsverk tek opp lån, stort kr. 661.000,- i KLP til 10,9% rente p.a. med 3 månaders rentebindingstid, 15 års avdragstid og mot kommunal garanti, til finansiering av investeringar i samband med oppretting av slambehandlingsløysing og grovavfallsfyllplass. Volda og ørsta kommunar vert bedne om å garantere for 50% av beløpet kvar.

-2-

SAK 051/91 REFINANSIERING LÅN OG KASSAKREDITT.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Volda/Ørsta Reinhaldsverk overfører sitt lån i Real-kreditt, stort kr. 1.400.000,- til KLP frå den dato dette kan gjerast utan ekstra kostnader ved innløysing, seinast den 30/4-1992. Renta i KLP er for tida 10,9% p.a.

Volda og Ørsta Kommunar vert bedne om å godkjenne overføring av dei kommunale garantiane for lånet frå Real-kreditt til KLP.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk godtek tilbodet frå Kreditkassen om kassakreditt, stor inntil kr. 1.000.000,-, til 11,95% rente p.a. for inntil 100% utnytting, kvartalvis kapitalisering, ingen provisjon, samt 10% kreditrente med årleg kapitalisering.

SAK 052/91 ORGANISASJONSPLAN OG INSTRUKSAR - Endeleg behandling.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Organisasjonsplanen med instruksar for driftsleiar og oppsynsmann, sist endra 28/6-1991 vert godkjend. Administrasjonen vert beden om å utarbeide forslag til utlysingstekst for driftsleiar med forslag om lønsplasing. Forslaget vert å behandle av styret.

SAK 053/91 ANAEROB BEHANDLING AV ORGANISK AVFALL - drøfting.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Spørsmålet diskuteres med kommunane 24.09. Om kommunane meiner ein skal gå vidare med saken, kan administrasjonen kalle inn til møte med DU, Møreforsking og representantar for kommunane for avklaring av spørsmål vedr. omfang og finansiering. Saka vert å legge fram på eit seinare møte.

SAK 054/91 DRIFTSLEIAR - formalia vedr. overgang til halv stilling.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Driftsleiareren skal, so lenge han har halv stilling, ha

-3-

utbetalt halv regulativløn som driftsleiar og halvt oppsynsmannstillegg.
Overtid vert å betale etter vanlege satsar etter godkjenning av styreleiar. Telefongodtgjersle vert å betale med fast avgift og 40 teljarsteg pr. kvartal. Bilgodtgjersle vert å betale etter vanleg retningsliner for offentlege tenestemenn.

SAK 055/91 ADMINISTRASJON - Mellombels ordning Voldaregnskap AS
VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret godkjenner mellombels arbeidsdeling mellom Voldaregnskap AS og Knut Brune i samsvar med oppsett, jfr. vedlegg.
Det skal sendast spesifisert rekning for arbeidet.

SAK 056/91 SØKNADER OM FRITAK FRÅ RENOVASJON.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

- a) Marius og Ingrid Moe, Engeset, 6150 Ørsta.
Søknaden kan ikkje imøtekomast, og avgift vert å betale frå og med 1. oktober 1991.
- b) Lars Holmevik, Bjørkedal, 6120 Folkestadbygd.
Søknaden om fritak frå renovasjon kan ikkje imøtekomast, men ein finn at det skal reknast halv renovasjonsavgift. Halv renovasjonsavgift vert å rekne frå og med den 1. oktober 1991.

SAK 057/91 VOLDGIFTSSAK SST / VØR - Rettsforlik.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret i Volda/Ørsta Reinhaldsverk godkjenner rettsforlik med SST datert 13. september 1991.

Møtet heva kl. 2115.

Lars Holmevik
Knut Brune
Hedeg Rasmussen
P. A. Mørk

D R I F T S A V T A L E .

Mellom Nautvik Knuseverk AS og Volda/Ørsta Reinhaldsverk er det inngått slik avtale om drift av grovavfallsfyllplass på dertil regulert areal i Alida:

1. Forholdet mellom Volda/Ørsta Reinhaldsverk og grunneigar Magnar Lid er ivareteke gjennom eigen leigeavtale.
2. Fyllplassen vil ligge innanfor grensene i godkjend reguleringsplan.
3. Avtaletida er sett til 15 år med rett for reinhaldsverket med forlenging i ytterlegare 15 år.
4. Fyllinga vil starte i austre del av området og halde fram mot vest. Uttekne masser blir lagra på Nautvik Knuseverk AS sitt område. Når fyllinga på eit areal er oppe i full høgde og avslutta, vil arealet kunne nyttast til masselager dersom reinhaldsverket sjølv ikkje har behov for det. Nautvik Knuseverk AS ynskjer å nytte areal som er oppfylt og avslutta. Nærare avtale om dette blir utarbeidd når slikt areal er klart.
5. Som klargjering for drift av fyllinga skal Nautvik Knuseverk AS ta ut 2.000 m³ fjellmasser til 8 m djupne til ein fast pris av kr. 150.000,-. Opparbeidingstida er sett til inntil 4 månader.
6. Ved vidare volumbehov skal reinhaldsverket betale kr. 30,- pr. oppfylt m³. Avrekning blir føreteke etter oppmåling etter kvart som fyllinga skrid fram.
7. Nautvik Knuseverk AS gjer opp for sjølve masseuttaket direkte med grunneigar etter gjeldande avtale med han. Denne kostnaden inngår i dei avtalte beløp etter denne avtalen.
8. Nautvik Knuseverk AS pliktar til ei kvar tid å ha frigjort tilstrekkeleg volum.
9. Volda/Ørsta Reinhaldsverk skal syte for å ha fyllplassen inngjerda. Reinhaldsverket avgjer kor stort areal som til ei kvar tid skal vere inngjerda.
10. Eventuelt sikringsarbeid som blir pålagt av offentleg mynde er reinhaldsverkets ansvar. Dersom kostnaden med slike sikringstiltak er større enn det reinhaldsverket finn forsvarleg, kan avtalen mellom partane opphevast.

11. Reinholdsvirket avgjer til ei kvar tid tidspunkt og omfang av planering, komprimering og tildekking. Kostnaden skal gjerast opp etter prisar inngjeve til Statens Vegvesen for tilsvarande periode. Dette gjeld timepris for maskiner og m³ for masse.
Reinholdsvirket syter for å ta imot og registrere grovavfall. Arbeid som skal utførast av Nautvik Knuseverk AS blir avtalt og rekvirert i kvart enkelt tilfelle.
12. Det er ein føresetnad at Nautvik Knuseverk AS opprettheld avtalen med grunneigar med dei rettar og plikter denne medfører. Dersom avtalane skulle innehalde motstridande bestemmelsar, skal denne kontrakta gå framom kontrakta mellom Nautvik Knuseverk AS og Magnar Lid.
13. Dersom Nautvik Knuseverk AS ikkje er i stand til å oppfylle avtalen med reinholdsvirket, har reinholdsvirket rett til å setje ny entreprenør inn i avtalen. Nautvik Knuseverk AS sine rettar etter avtalen med grunneigar vil i eit slikt høve gå over til reinholdsvirket for området som er omfatta av stadfest reguleringsplan.
14. Kostnad med eventuell drenering av fyllinga vil vere reinholdsvirkets ansvar.
15. Reinholdsvirket ber ansvaret for eventuelle pålegg frå off. mynde.
16. Den avtalte pris for fyllingsvolum, kr. 30,- pr. m³, blir regulert etter SSB-indeks for boligblokk, indeks B, stein-, jord- og sementarbeid. Basis er 01.01.1991.
Regulering skal skje kvart år den 1. januar.
17. Eventuelle tvistemål om tolking av denne avtalen vert avgjort med bindande verknad ved voldgift av Sorenskrivaren i Søre Sunnmøre.

Stad, dato

Stad, dato

Volda/Ørsta Reinholdsvirk

Nautvik Knuseverk AS

L E I G E A V T A L E .

Grunneigar Magnar Lid, eigar av gnr. 6, bnr. 1 i Volda, leiger med dette bort ein parsell i Alida til Volda/Ørsta Reinhaldsverk som skal nyttast til grovavfallsfylling, med stipulert areal på ca. 8.000 m². Arealet denne avtalen gjeld er i samsvar med godkjent reguleringsplan, sist revidert 26.03.90, og eigengodkjent i Volda kommunestyre 31.05.90. Parsellen er ikkje oppmålt, og er ikkje frådelt bruket.

Leigeavtalen er oppretta på fylgjande vilkår:

1. Leigetida er 15 år, rekna frå den dag opparbeiding av fyllplassen tek til. Dersom volumet er oppfylt før 15 år er gått, vil avtalen opphøre når ein slik situasjon ligg føre.
2. I vederlag betalar leigetakaren eit eingongsbeløp, stort kr. 30.000,-, som forfell til betaling når opparbeiding av fyllplassen tek til og avtalen er tinglyst.
3. Leigetakaren ber kostnaden med oppmåling og tinglysing.
4. Leigetakaren har rett til å lenge avtalen med ytterlegare 15 år. Nytt vederlag vert då å betale som eit eingongsbeløp, med storleik som opprinneleg beløp, oppjustert etter konsumprisindeksen.
5. Inkludert i leigeavtalen inngår rett til å legge naudsynte drensleidningar til sjøen.
6. Leigetakaren skal syte for å ha området innhegna etter krav som det offentlege set.
7. Fjellmassen er grunneigar sin eigeidom, og blir godtgjort av entreprenøren som frå før har avtale om slikt masseuttak.
8. Dersom pkt. 10 i avtalen mellom reinhaldsverket og Nautvik Knuseverk AS blir gjort gjeldande, kan denne avtalen med grunneigaren også hevast dersom reinhaldsverket ynskjer det.
9. Volda/Ørsta Reinhaldsverk kan fritt overdra sine rettar etter denne avtalen til eventuelle panthavarar eller andre selskap.
10. Etter at avtaletida er ute, eller dersom avtalen blir heva i samsvar med pkt. 8 ovanfor, og reinhaldsverket har avvikla drifta, skal området planerast til reinhaldsverket sin kostnad.

side 2.

11. Dersom dei tre avtalane mellom Nautvik Knuseverk AS, reinhaldsverket og Magnar Lid skulle innehalde motstridande bestemmelsar, skal reinhaldsverkets leigeavtale og avtalen mellom reinhaldsverket og Nautvik Knuseverk AS gå framom avtalen mellom Nautvik Knuseverk AS og Magnar Lid.
12. Eventuelle tvistemål om tolking av denne avtalen vert avgjort med bindande verknad ved voldgift av Sorenskrivaren i Søre Sunnmøre.
13. Denne avtalen er underteikna i to eksemplar, der partane har kvar sitt.

Volda_____

Volda_____

ORGANISASJONSPLAN FOR VOLDA / ØRSTA
REINHOLDSSVERK.

REPRESENTANTSKAP

Volda : 4
Ørsta : 4

STYRE

Volda : 2 + pers. varamedl.
Ørsta : 2 + pers. varamedl.
Repr. frå tilsette.

DRIFTSLEIAR

OPPSYNSMANN (N.k.)
($\frac{1}{2}$ stilling)

Adm. oppgåver.
Drift av miljøstasjon , fylling
for grovavfall , slam m.v.

Innsamling:

Driftsoperatør
3 sjåførar
6 innsamlarar
(Oppgåver og bemanning
må vurderast nærare i
forhold til nye opp-
gåver)

1. Driftsleiar er leiar for Volda/Ørsta Reinhaldsverk og er tilsett av styret.
Driftsleiar sin næraste overordna er styret.
Driftsleiar er overordna dei øvrige tilsette i reinhaldsverket.

2. Driftsleiar sitt arbeidsområde omfattar m.a.:
 - dagleg leing av reinhaldsverket, samordning og kontroll, personalforvaltning
 - teknisk/økonomisk planlegging
 - budsjettforslag, løner, materiell og rekneskapskontroll, finansiering
 - eigedomsforvaltning
 - saksbehandling og sekretærarbeid for styret og representantskap, arbeidsmiljøutval m.v., ekspedisjon, arkiv m.v.
 - teknisk drift av anlegg
 - registrering, ekspedering og publikumsservice.

Driftsleiar organiserer arbeidet i reinhaldsverket mellom dei tilsette på ein effektiv måte, i samsvar med vedteken organisasjonsplan og tek nødvendig initiativ til eventuelle forbetringar.

3. Driftsleiar skal følgje dei retningslinjer som styret og representantskap gir når det gjeld arbeidsoppgåver som er knytt til pkt. 2, ved lov eller eige vedtak.

Når driftsleiar har ferie eller er fråverande av andre grunnar, har oppsynsmannen den mynde som ligg til driftsleiar.

Driftsleiar skal alltid varsle styreleiar om fråver.

Driftsleiar har plikt til å delta i styremøter, representantskapsmøter og andre styre, råd og utval som er knytt til arbeidsområdet for stillinga. Driftsleiar har tale- og forslagsrett, men er utan stemmerett dersom han ikkje er vald som medlem.

Driftsleiar skal greie ut og gi innstilling i saker som vert lagt fram for styret og representantskap, og skal uttale seg og greie ut saker som styreleiar, styret eller representantskapet ber om. I samråd med styreleiar og/eller styret skal han greie ut saker som han på eige initiativ finn å ta opp.

Driftsleiar pliktar å arbeide ut budsjettforslag innan gitte fristar for vidare handsaming i styre og representantskap.

Driftsleiar skal av eige tiltak setje i verk vedtak gjort av styret og representantskap. Han skal påsjå at dei tidsfristar som vert gitt vert halde, og han skal leie arbeidet på ein økonomisk og teknisk forsvarleg måte.

Driftsleiar skal vidare sjå til at eigedomar, bygningar og anlegg vert halde forsvarleg vedlike innafor ramme av dei løyvingar som er gjevne. Han er vidare ansvarleg for bruk, oppbevaring og vedlikehald av maskiner, reiskap og materiell-lager

Driftsleiar er ansvarleg for at Volda/Ørsta Reinhaldsverk har ei forsvarleg ordning med omsyn til journal-føring og arkivering av dei saker som vert behandla eller ekspedert gjennom selskapet. Det skal førast bøker og kartotek i samsvar med gjeldande lovverk, eller eige vedtak, eller som elles vert sett på som nyttig og nødvendig.

Driftsleiar har ansvaret for at utskrifter frå styret, representant skap og andre oppnemnde utval innafor hans arbeidsområde straks vert sendt til dei berørte partar. Møtebøker skal takast vare på ved reinhaldsverket sine kontor.

Driftsleiar skal syte for at alle utgiftsbilag som vedkjem reinhaldsverket vert attestert fortløpande og kritisk.

Han skal føre tilsyn med at løyvingane ikkje vert overskridne, og skal om nødvendig i god tid kome med forslag om budsjett- endring.

Driftsleiar har tilvisingsmynde innafor reinhaldsverket sitt budsjett. Unnateke dette er bilag som gjeld hans person eller bilag som er attestert av driftsleiar. Desse skal tilvisast av oppsynsmann eller styreleiar.

Driftsleiar skal syte for å legge til rette grunnlaget for avgiftene. Han skal dessutan syte for at det vert utarbeidd og sett fram krav om dei refusjonar og andre krav som tilkjem reinhaldsverket.

Driftsleiar skal syte for at det vert utarbeidd oversyn over arbeidet, økonomi m.v. med jamne mellomrom - etter nærare avtale med styreleiar.

4. Driftsleiar må finne seg i dei endringane styret/representantskape måtte gjere i denne instruksjonen.
-

INSTRUKS FOR OPPSYNSMANN.

1. Oppsynsmannen skal saman med driftsleiar ivareta Volda/Ørsta Reinhaldsverk sine interesser for dagleg drift av reinhaldsverket, med særleg ansvar for teknisk drift av miljøstasjon, grovavfallfyllplass og andre anlegg, samt rutiner for innsamling.

Alt avfall som vert levert skal registrerast slik at betaling skjer etter gjeldande satsar.

2. Driftsleiar er oppsynsmannen sin næraste overordna. Oppsynsmannen er overordna dei øvrige tilsette i reinhaldsverket.

Oppsynsmannen har mynde som administrativ leiar når driftsleiar er fråverande. Oppsynsmannen har elles tilvisingsmynde for bilag som gjeld driftsleiar sin person eller bilag som er attestert av driftsleiar.

Oppsynsmannen vert tilsett av styret.

3. Driftsleiar kan pålegge oppsynsmannen andre oppgåver som naturleg høyrer inn under stillinga.
 4. Oppsynsmannen må finne seg i dei endringane styret måtte gjere i denne instruksen.
-

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak nr. 51/91

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

REFINANSIERING AV LÅN OG KASSAKREDITT - DRØFTING.

VØR har idag eit lån i Realkreditt på kr. 1.400.000,-. Lånet skal vere nedbetalt i år 2009. Då lånet vart etablert var rentefoten 13,1%. Sidan har den vorte senka til 12,75% og vil nå verte 12,45%.

Dette lånet kan ein, om ønskjeleg, innfri den 30/4-92 utan at det vert belasta ekstra kostnader med innfriinga.

Ein bør vurdere om det kan vere føremålstenleg å flytte dette lånet over til KLP, som tilbyr lån til 10,9% rente, rett nok med noko kortare rentebindingstid, nemleg 3 månadar mot Realkreditt p.t. 1 år.

Differansen på 1,55% utgjør på eit lån på kr. 1.400.000,- kr. 21.700,- i året.

Dette er ein monaleg sum, og ein bør vurdere saka nøye.

VØR har idag kassakreditt i Kreditkassen i Volda. Vi betalar 14,7% rente for utnyttingsgrad inntil 60% og 16,7% rente for utnyttingsgrad over 60%. For kreditsaldo får ein 5% rente for beløp inntil kr. 200.000,- og 7% rente for beløp inntil kr. 1.000.000,-. Det vert ikkje rekna provisjon.

Volda og Ørsta Sparebank tilbyr kassakreditt til 12,75% rente utan omsyn til utnyttingsgrad. Rente for kreditsaldo 9%. Det vert ikkje rekna provisjon.

Dette er, sovidt ein kjenner til, eit særst godt tilbod. Banken yter, etter det ein kjenner til, god service og følgjer kundane sine svært godt opp. Tilbodet gjeld fram til 11. oktober 1991, og styret bør vurdere saka nøye med tanke på skifte av banksamband.

Administrasjonen har funne det rett å legge desse sakene fram utan tilråding for at styret sjølv kan gje si tilråding til representantskapet.

16.09.91

Volda og Ørsta Sparebank



Volda/Ørsta Reinhaldsverk
Hovden Industriområde

6160 Hovdebygda

Att:Knut Brune

Dykkar ref.:
Your ref.:

Vår ref.:
Our ref.:

Volda 11 september 1991

TILBOD PÅ KASSAKREDITT

Syner til tidlegare tilbod og samtaler seinast med Martinussen.

Med bakgrunn i overnemnde kan vi herved gi Dykk eit nytt tilbod på kassakreditt pål. kr. 1.500.000,-.

Vilkår:

- rente f.t. 12.75% p.a. ved trekk innanfor bevilgning. Effektiv rente 13.37% som skyldast kvartalsvis kap. av rentene.
- rente på innestående f.t. 9% p.a.
- ikkje etableringsgebyr og provisjon.
- ingen kostnader ved overføring av kundeforholdet til oss.

Trygd:

- kommunal garanti.

Vi vonar tilbodet er av interesse og ser fram til å høyre frå Dykk. Vi gjer merksam på at tilbodet står ved lag i 1 mnd. frå dato.

Dersom det skulle vere spørsmål kontakt underteikna eller Indresøvde.

Med vennleg helsing
Volda og Ørsta Sparebank


Sindre Aarsæther

HOVUDKONTOR:
3991 Volda og Ørsta Sparebank
Postboks 55, 6101 Volda
Telefon 070/76348
Telefax 070/76348
Telegramadr.: «SPAREBANKEN»

AVDELINGAR:
3992 Volda og Ørsta Sparebank
Postboks 158, 6151 Ørsta
Telefon 070/66445
Telefax 070/66445

3993 Hjørundfjord Sparebank
6180 Sæbø
Telefon 070/40003
Telefax 070/40003

3994 Vartdal Sparebank
6170 Vartdal
Telefon 070/42050
Telefax 070/42263

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak nr. 52/91

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

ORGANISASJONSPLAN - ENDELEG BEHANDLING.

Forslag til ny organisasjonsplan vart sist behandla under S-sak 036/91, og har vore ute til høyring hjå arbeidstakarorganisasjonane.

KFO har ikkje gjeve skriftleg svar, men leiar Jorunn Kalland har munnleg uttalt at KFO ikkje har merknadar til planen.

Volda Kommunale fagforeining har gjeve sine merknadar i brev av 16.09.91. Brevet er lagt ved saka, og av dette framgår det at dei har fleire innvendingar til organisasjonsplanen.

Administrasjonen føler seg ugild i saka, som vert lagt fram for styret til avgjerd utan tilråding.



Volda kommunale fagforening

Avd. nr. 501 av Norsk Kommuneforbund

Volda, 16.09.91.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk,

6160 Hovdebygda.

NY ORGANISASJONSPLAN FOR VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK

Volda komm. fagforening har saman med dei tilsette, vurdert forslaget til ny organisasjonsplan og instruksjer.

Vi må i utgangspunktet seie oss same i målsettingane for reinhaldsverket, men vil likevel stille oss sterkt tvilande til at ein driftsleiar i lønnssteg 28 - 33 er fornuftig på noverande tidspunkt sett i forhold til den øvrige bemanninga, og at det kan forsvareast reint økonomisk for at desse mål skal verte oppfylte.

Dett ut ifrå dei faktiske forhold at ei avgiftsauke vil verte resultatet, etter vår meining.

Ei avgiftsauke vil slå negativt ut for reinhaldsverket, spesielt no etter den sterke fokusering som kan vere aktuelt på dette felt.

Dei andre finansieringsmåtane til desse stillingane er høgst usikre, spesielt dette med reduksjon av ekstrahjelp i ein alle-reie sårbar bemanningsplan.

Dette med reduksjon av overtid kan føre til store vanskar på vinterstid og elles ved havar av bilar og utstyr.

Vidare kan det visast til side 8 punkt C i utgreiinga.

Det er etter vår meining tvilsamt om ein person med etatsjef løn og høgare kommunal utdanning, i det heile kan tenkje seg å gå inn som operatør på komprimatorstasjonen slik det er lagt opp til i driftsplanen, men som ikkje er nemnt i instruksjen.

Driftsoperatøren som er på anlegget no, skal inn på full innsamling, men med dei innhentingsrutinane som er i dag, vil dette føre til at vi får einmann for mykje 2 dagar i veka.

Dette ser vi ikkje på som ei svakheit, heller ein styrke då det er interesse mellom dei tilsette til å ta over all innhenting på Dale og Lauvstad som i dag er ute på entrepriser, dette har dei tilsette teke opp med driftsleiar og styret utan at dette har vorte økonomisk vurdert.

Dette vil kunne utnytte meir av utstyret som reinhaldsverket disponerer i dag, eksempelvis konteinerbilen. Frå oktober vert renovasjonsområdet utvida til å omfatte Gandal.



Volda kommunale fagforening

Avd. nr. 501 av Norsk Kommuneforbund

2.

Konteinerbilen kan også brukast til innhenting av "kvitevarer" mot betaling, ei teneste det ofte er spørsmål etter.

Når det gjeld leigde tenester i form av løn og reknskap, går tilrådinga på at dette skal halde fram som no. Dette er vi usamde i fordi vi har oppfatta det slik at den ordningsom er i dag skulle vere av reint forbigående art, og vi vil tillate oss å foreslå følgjande:
Det vert undersøkt i dei to eigarkommunane om kapasitet finst til å ta på seg både løn og reknskap for reinhaldsverket. Dette burde verte vesentleg rimelegare for reinhaldsverket.

Vår konklusjon:

- Den praksis som er i dag på innhentingsrutinane, er etter vår meining fullt ut ivareteke og kan utvidast med dei instruksar som ligg føre, og med den erfaring innhentarane har.
- Innkjøpte tenester kan kraftig reduserast.
- Den daglege drifta på Miljøstasjonen bør styrkjast administrativt, men er likevel i tvil om dette best vert ivareteke av ein person med så høg stillingsheimel og løn, på noverande tidspunkt.

Med helsing

Volda komm. fagforeining

For Johan K. Egset
leiar (sign.)

Ragnhild Myrseth
Ragnhild Myrseth
sekr.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Volda kommunale fagforening
v/Johan Egset
6100 VOLDA

Volda, 31.07.1991

Ny organisasjonsplan med instruksar.

Styret for Volda/Ørsta Reinhaldsverk sender med dette ut ny organisasjonsplan med instruksar til orientering og uttale.

Svarfrist: 20.08.1991.

Svar sendes: Styret for Volda/Ørsta Reinhaldsverk,
Postboks 243 6101 Volda.

Med helsing

For styret for Volda/Ørsta Reinhaldsverk
N. Velle

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

K.F.O.

v/Jorunn Kalland

Legene 7

6100 Volda

Volda, 31.07.1991

Ny organisasjonsplan med instruksar.

Styret for Volda/Ørsta Reinhaldsverk sender med dette ut ny organisasjonsplan med instruksar til orientering og uttale.

Svarfrist: 20.08.1991.

Svar sendes: Styret for Volda/Ørsta Reinhaldsverk,
Postboks 243 6101 Volda.

Med helsing

For styret for Volda/Ørsta Reinhaldsverk
N. Velle

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak nr. 54/91

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

DRIFTSLEIAR - FORMALIA OVERGANG TIL HALV STILLING.

Driftsleiar Knut Brune er gått over i halv stilling. Det har i høve dette vore reist nokre formelle spørsmål vedr. arbeidstid, løn og godtgjersler.

Ein ser det slik at halv stilling inneber at han skal arbeide halv tid, i.e. 18,75 timar pr. veke. Regelen må vere at han ikkje skal arbeide meir enn dette, og at han skal tilpasse seg dette slik at det må leigast inn ekstrahjelp dersom han ikkje sjølv rekk over arbeidet sitt innanfor denne tida. Dersom han unntaksvis må arbeide noko overtid, skal dette godkjennast av styreleiaren.

Ein har vore i kontakt med Kommunenes sentralforbund vedr. lønsforholda til driftsleiaran, og forbundet si meining er at ein skal utbetale halv regulativløn som driftsleiar. Dette gjeld oppsynsmannstillegget og.

Eventuell godtgjersle for øvertid vert å betale etter vanleg sats etter godkjenning av styreleiaren.

Driftsleiaran har telefongodtgjersle. Denne utgjer den faste avgifta på telefonen og 40 teljarsteg i kvartalet. Denne godtgjersla er etter måten lav, og ein vil tilrå at den inntil vidare ikkje vert redusert, då driftsleiaran nok vil måtte nytte sin private telefon like mykje i stillinga si i framtida som no.

Bilgodtgjersle vert å betale etter same retningsliner som før.

Forslag til vedtak:

Driftsleiaran skal, so lenge han har halv stilling, ha utbetalt halv regulativløn som driftsleiar og halvt oppsynsmannstillegg. Overtid vert å betale etter vanlege satsar etter godkjenning av styreleiar. Telefongodtgjersle vert å betale med fast avgift og 40 teljarsteg pr. kvartal. Bilgodtgjersle vert å betale etter vanlege retningsliner for offentlege tenestemenn.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak nr. 55/91

Sakshandsamar: Nils Velle

ADMINISTRASJON - MELLOMBELS ORDNING.

I samband med at driftsleiar Knut Brune er gått ned i halv stilling og er friteken for merkantilt arbeid, finn ein det rett å gjere ei grensedraging mellom Knut Brune og Voldaregnskap AS om kven som skal utføre kva. Voldaregnskap AS har allereie utført ei mengd administrative oppgåver under Knut Brune sine sjukefråver tidlegare.

Det vert no arbeidd med ny organisasjonsplan for VØR, og inntil ny driftsleiar tek til i arbeid, har ein funne det føremålstenleg å gjere delinga av dei administrative oppgåvene som beskreve nedanfor. Ein må likevel syne fleksibilitet får begge sider dersom det oppstår tolkningsproblem eller andre vanskar med det administrative. Det viktigaste er at oppgåvene vert løyste på tilfredsstillande vis.

Knut Brune er generelt friteken frå merkantilt arbeid, men har likevel som dagleg leiar ansvaret for drifta totalt; Derved og ansvaret for den merkantile og administrative delen av drifta.

Post:

VR: Hente, sortere og registrere i postbok, deretter levere all post til Brune.

Brune: Behandle og vidaresende post for vidare behandling. Ha ansvar for at problem vert teke opp til behandling og løysing. Han kan sjølv avgjere korleis han vil løyse slike problem, i.e. om han vil gjere jobben sjølv eller leige andre; Ansvaret er hans.

Inngående fakturaer:

VR: Kontrollrekne, tilvise konto for budsjettdekning, fyller ut betalingsbilag, ordne tilvising og signatur av betalingsbilag, sørge for at betaling vert gjort.

Brune: Kontrollere i høve til tilbod og/eller rekvisisjon. Sørge for attestasjon i samsvar med instruksar.

Utgående fakturaer:

VR: Fakturere stativsalg i høve til leveringsliste. Purre og krevje inn betaling. Fakturere og krevje inn månadsforskot frå kommunane. Utføre årsavrekning med kommunane.

Brune: Registrere inngående avfall på stasjonen. Leverer grunnlag for fakturering til kommunane.

Vekt - fakturagrunnlag:

Brune: All registrering av inngående avfall, jfr. punkt over, vert gjort på EDB. Det er utarbeidd instruks for back-up av leveringsdata, og det er Knut Brune sitt ansvar at slik back-up blir gjort på forsvarleg vis. Voldaregnskap AS kan vere med på å innøve denne rutinen dersom dette syner seg nødvendig.

Bokføring:

VR: Sortere, kontere og registrere bilag. Utarbeide rekneskaps-oversikter etter behov, og ellers halde rekneskapen i orden og à jour. Utarbeide årsoppgjer og halde kontakt med revisjonem.

Lønn:

VR: Innleverte timelistar summeres og kontrolleres. Foreta løns-plassering i samråd med Knut Brune. Halde kontakt med KS vedr. løns- og andre personaltilhøve, tolking av avtalar o.a. Foreta lønsberekning med skattetrekk, organisasjonstrekk etc., sende ut lønsslippar til dei tilsette, foreta oppgjer av skatte-trekk, organisasjonstrekk og mogelege andre trekk og forskotsbe-talingar. Skrive ut lønsmeldingar og årsoppgåver.

Brune: Samle inn og ordne timelistar, skaffe lønskontonummer og skattekort frå dei tilsette. Halde kontakt med den einskilde tilsette. Ta seg av tilsetting og tilsettingskontrakt. Foreta løns-plassering i samråd med Voldaregnskap AS.

Budsjett:

VR: Utarbeide budsjett i samarbeid med driftsleiar og styreleiar.

Brune: Utarbeide budsjett i samarbeid med Voldaregnskap AS og styreleiar. Ha ansvar for grunnlag for berekning av inntekter, investeringar og kostnader for bruk i budsjettarbeidet.

Tilbod:

VR: Hente inn tilbod på lån og kredittar frå bankar og låneinsti-tusjonar.

Brune: Hente inn tilbod på forbruks- og investeringsvarer, samt på reparasjonar, forsikringar og andre tenester.

Arkiv:

VR: Arkivere alle papir vedrørande rekneskapen, i.e. bilag, lister, merknader og brev frå revisjonen, rekneskapsavslutningar o.a. Arkivere styre- og representantskapssaker.

Brune: Arkivere korrespondanse, avtalar, tilbod, forsikringspolisar og andre dokument vedr. drift, påbod og føresegner.

Styre- og Representantskapssaker:

VR: Førebu saker for styre og representenskap i samarbeid med driftsleiar og styreleiar.

Utføre skrivarfunksjonar på møte.

Sette opp og sende ut saklister og møtebøker. Sette opp og sende ut særutskrifter av møtebøker; Sende meldingar om vedtak til dei det gjeld. Elles utføre oppdrag som vert pålagd av styre eller representantskap.

Brune: Innhente opplysningar og materiell for utarbeiding av styre- og representantskapssaker. Delta i saksførebuinga etter behov. Delta på møta, både i styre og representantskapet. Ha ansvar for å følge opp vedtak.

ooo000ooo

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak nr. 56/91

Sakshandsamar: Knut Brune

SØKNADER OM FRITAK FRÅ RENOVASJON ELLER OM NEDSETT RENOVASJONSAVGIFT.

- a) Marius og Ingrid Moe, Engeset, Ørsta har søkt om fritak frå renovasjon.

Eigedomen ligg i område for tvungen renovasjon der alle eigedomar som kjem inn under desse områda skal vere med i renovasjonsordninga.

Tilråding til vedtak:

Søknaden kan ikkje imøtekomast, og avgift vert å betale frå og med den 1. oktober 1991.

- b) Lars Holmevik, Bjørkedal har søkt om fritak for renovasjon.

Lars Holmevik bur no på Mork bustader i Volda, slik at eigedomen hans no berre vert nytta som fritidseigedom. I slike høve har ein til vanleg rekna halv avgift, og ein finn det rett å tilrå dette.

Tilråding til vedtak:

Søknaden om fritak frå renovasjon kan ikkje imøtekomast, men ein finn at skal reknast halv renovasjonsavgift. Halv renovasjonsavgift vert å rekne frå og med den 1. oktober 1991.

Sak nr. 55/91

Sakshandsamar: Nils Velle

ADMINISTRASJON - MELLOMBELS ORDNING.

I samband med at driftsleiar Knut Brune er gått ned i halv stilling og er friteken for merkantilt arbeid, finn ein det rett å gjere ei grensedraging mellom Knut Brune og Voldaregnskap AS om kven som skal utføre kva. Voldaregnskap AS har allereie utført ei mengd administrative oppgåver under Knut Brune sine sjukefråver tidlegare.

Det vert no arbeidd med ny organisasjonsplan for VØR, og inntil ny driftsleiar tek til i arbeid, har ein funne det føremålstenleg å gjere delinga av dei administrative oppgåvene som beskreve nedanfor. Ein må likevel syne fleksibilitet får begge sider dersom det oppstår tolkningsproblem eller andre vanskar med det administrative. Det viktigaste er at oppgåvene vert løyste på tilfredsstillande vis.

Knut Brune er generelt friteken frå merkantilt arbeid, men har likevel som dagleg leiar ansvaret for drifta totalt; Derved og ansvaret for den merkantile og administrative delen av drifta.

Post:

VR: Hente, sortere og registrere i postbok, deretter levere all post til Brune.

Brune: Behandle og vidaresende post for vidare behandling. Ha ansvar for at problem vert teke opp til behandling og løysing. Han kan sjølv avgjere korleis han vil løyse slike problem, i.e. om han vil gjere jobben sjølv eller leige andre; Ansvaret er hans.

Inngåande fakturaer:

VR: Kontrollrekne, tilvise konto for budsjettdekning, fyller ut betalingsbilag, ordne tilvising og signatur av betalingsbilag, sørge for at betaling vert gjort.

Brune: Kontrollere i høve til tilbod og/eller rekvisisjon. Sørge for attestasjon i samsvar med instruksar.

Utgåande fakturaer:

VR: Fakturere statusalg i høve til leveringsliste. Purre og krevje inn betaling. Fakturere og krevje inn månadsforskot frå kommunane. Utføre årsavrekning med kommunane.

Brune: Registrere inngåande avfall på stasjonen. Levere grunnlag for fakturering til kommunane.

Vekt - fakturagrunnlag:

Brune: All registrering av inngående avfall, jfr. punkt over, vert gjort på EDB. Det er utarbeidd instruks for back-up av leveringsdata, og det er Knut Brune sitt ansvar at slik back-up blir gjort på forsvarleg vis. Voldaregnskap AS kan vere med på å innøve denne rutinen dersom dette syner seg nødvendig.

Bokføring:

VR: Sortere, kontere og registrere bilag. Utarbeide rekneskaps-oversikter etter behov, og ellers halde rekneskapsboka i orden og åjour. Utarbeide årsoppgjer og halde kontakt med revisjonem.

Lønn:

VR: Innleverte timelistar summeres og kontrolleres. Foreta lønsplassering i samråd med Knut Brune. Halde kontakt med KS vedr. løns- og andre personaltilhøve, tolking av avtalar o.a. Foreta lønsberekning med skattetrekk, organisasjonstrekk etc., sende ut lønsslippar til dei tilsette, foreta oppgjer av skattetrekk, organisasjonstrekk og mogelege andre trekk og forskotsbetalingar. Skrive ut lønsmeldingar og årsoppgåver.

Brune: Samle inn og ordne timelistar, skaffe lønskononummer og skattekort frå dei tilsette. Halde kontakt med den einskilde tilsette. Ta seg av tilsetting og tilsettingskontrakt. Foreta lønsplassering i samråd med Voldaregnskap AS.

Budsjett:

VR: Utarbeide budsjett i samarbeid med driftsleiar og styreleiar.

Brune: Utarbeide budsjett i samarbeid med Voldaregnskap AS og styreleiar. Ha ansvar for grunnlag for berekning av inntekter, investeringar og kostnader for bruk i budsjettarbeidet.

Tilbod:

VR: Hente inn tilbod på lån og kredittar frå bankar og låneinstitusjonar.

Brune: Hente inn tilbod på forbruks- og investeringsvarer, samt på reparasjonar, forsikringar og andre tenester.

Arkiv:

VR: Arkivere alle papir vedrørande rekneskapsboka, i.e. bilag, lister, merknader og brev frå revisjonen, rekneskapsavslutningar o.a. Arkivere styre- og representantskapsaker.

Brune: Arkivere korrespondanse, avtalar, tilbod, forsikringspolisar og andre dokument vedr. drift, påbod og føresegner.

Styre- og Representantskapssaker:

VR: Førebu saker for styre og representenskap i samarbeid med driftsleiar og styreleiar.
Utføre skrivarfunksjonar på møte.
Sette opp og sende ut saklister og møtebøker. Sette opp og sende ut særutskrifter av møtebøker; Sende meldingar om vedtak til dei det gjeld. Elles utføre oppdrag som vert pålagd av styre eller representantskap.

Brune: Innhente opplysningar og materiell for utarbeiding av styre- og representantskapssaker. Delta i saksførebuinga etter behov. Delta på møta, både i styre og representantskapet.
Ha ansvar for å følge opp vedtak.

ooo000ooo

MØTEBOK

År 1991 den 22. august vart det halde møte i styret for Volda/Ørsta Reinholdsværk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Lars Petter Øye
Knut Bere
Helge Remøy
Per R. Mork
Elles møtte: Per Mulvik AS v/ Per Schjelderup
Voldaregnskap AS v/ Jon-H. Martinussen

Merknader til innkalling og sakliste elles: Ingen.

SAK 041/91 GROVAVFALLSFYLLPLASS - AVTALE MED MAGNAR LID.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret i Volda/Ørsta Reinholdsværk godkjenner forslag til leigeavtale med Magnar Lid. Avtalen vert saman med forslag til driftsavtale med Nautvik Knuseværk AS oversendt adv. Egil Arne Standal for ei uavhengig juridisk vurdering før endeleg vedtak vert gjort.

SAK 042/91 LÅNEOPPTAK SLAMHANDSAMING - VAL AV LÅNGJEVAR, RENTEBINDINGSTID.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret ønskjer å se låneopptaket i samband med finansiering av grovavfallsfyllplass. Saka vert difor utsett til møtet i september.

SAK 043/91 FAKTURAER P.E.BJØRDAL.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Ein halverar fakturaer av 15/6, 21/3 og 24/8-1990, pålydande til saman kr. 43.228,-. Ein har alt betalt kr. 10.104,-, slik at ein skal betale kr. 11.510,- til. Alle summene omfattar meirverdeavgift.

SAK 044/91 MØTE MED KOMMUNANE.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

SAK 044/91 forts.:

VEDTAKET LYDER:

Møtet skal heldast i kantina i Ørsta rådhus den 24.09.1991 kl. 1800.

Ein skal by inn: ordførar, formannskap, rådmann, HTS-leiar, teknisk sjef og helserådsordførar frå Volda og Ørsta kommunar.

Styreleiar og administrasjonen førebur innbyingsbrev og møtet.

SAK 045/91 REFERAT FRÅ MØTE MED NORSK GJENVINNING OM PAPIRMOTTAK.

Det var gjeve referat frå møte med Norsk Gjenvinning den 22.08.91. Førebels konklusjon er at det kosnadsmessig vil gå om lag opp i opp med papirinnsamling for gjenvinning i høve til å nytte vanleg forbrenning på Grautneset.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKER LYDER:

Knut Brune skal handsame saka vidare, som skal vere klar for avgjerd til styremøte den 19.09.1991.

SAK 046/91 RENOVASJONSORDNINGA PÅ KILE.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Reinhaldsverket skal rygge med bil ned til brua og hentar bossekkane.

Ordninga vert sett iverk frå og med den 01.09.1991.

SAK 047/91 RENOVASJON HJØRUNDFJORDSTRANDA - STANDAL.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Det vert sett igang tvungen renovasjon i området frå og med den 01.10.1991.

Ørsta kommune vert varsla, og bedd om å tilskrive dei aktuelle heimelshavarar med ein ankefrist mot ordning på 14 dagar.

SAK 048/91 MØTEPLAN FOR 2. HALVÅR 1991.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Møteplan for 2. halvår 1991 vart vedteke i samsvar med framlegget som er lagt ved denne møteboka.

Møtet heva ca. kl. 2200.

P. R. Mølle
Helge Remøy

Knut Brune
San Petter Øye

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak 40/91 Grovavfallsfyllplass - avtale med Magnar Lid.

Sakshandsamar: Per Schjelderup

Avtaleutkastet vart lagt fram i sak 16/91. Saka vart ikkje realitetshandsama på grunn av at partane ikkje var samde om vederlaget.

Det har vore halde fleire møter med grunneigar Magnar Lid for å få i stand ein avtale om bruk av grunnen som i reguleringsplan, eigengodkjend av Volda kommune, er utlagt til grovavfallsfylling.

Sidestilt med avtale med VØR vil Magnar Lid ha avtale med Nautvik Knuseverk AS om uttak av masser. Masseuttaket vil bli godtgjort Magnar Lid av Nautvik Knuseverk AS, slik at dette forholdet er VØR uvedkomande.

I møte med grunneigar 8.4.91 vart alternative oppgjersformer drøfta, og reinhaldsverket sette fram fylgjande tilbod til oppgjer:

Alt. 1: Godtgjering på kr. 2,- pr. brukt m³, oppgjer basert på oppmåling av fyllingsvolum, utan indeksregulering. Prisen vil gjelde til fyllinga er oppbrukt.

Alt. 2: Godtgjering i form av eit eingongsbeløp på kr.30,000,-, utbetaling når arealet blir teke i bruk.

Magnar Lid har muntleg 31.07.91 gitt beskjed om at han godtek alt. 2 ovanfor som oppgjer for grunn i eit tidsrom på 15 år.

Forslag til leigeavtale er justert etter at Magnar Lid har akseptert reinhaldsverkets tilbod.

Tilråding til vedtak:

Styret i VØR godkjenner forslag til leigeavtale med Magnar Lid.

Avtalen vert saman med forslag til driftsavtale med Nautvik Knuseverk AS oversendt adv. Egil Arne Standal for ei uavhengig juridisk vurdering.

L E I G E A V T A L E .

Grunneigar Magnar Lid, eigar av gnr. 6, bnr. 1 i Volda, leiger med dette bort ein parsell i Alida til Volda/Ørsta Reinhaldsverk som skal nyttast til grovavfallsfylling, med stipulert areal på ca. 8.000 m². Arealet denne avtalen gjeld er i samsvar med godkjent reguleringsplan, sist revidert 26.03.90, og eigengodkjent i Volda kommunestyre 31.05.90. Parsellen er ikkje oppmålt, og er ikkje frådelt bruket.

Leigeavtalen er oppretta på fylgjande vilkår:

1. Leigetida er 15 år, rekna frå den dag opparbeiding av fyllplassen tek til. Dersom volumet er oppfylt før 15 år er gått, vil avtalen opphøyre når ein slik situasjon ligg føre.
2. I vederlag betalar leigetakaren eit eingongsbeløp, stort kr. 30.000,-, som forfell til betaling når opparbeiding av fyllplassen tek til og avtalen er tinglyst.
3. Leigetakaren ber kostnaden med oppmåling og tinglysing.
4. Leigetakaren har rett til å lenge avtalen med ytterlegare 15 år. Nytt vederlag vert då å betale som eit eingongsbeløp, med storleik som opprinneleg beløp, oppjustert etter konsumprisindeksen.
5. Inkludert i leigeavtalen inngår rett til å legge naudsynte drensleidningar til sjøen.
6. Leigetakaren skal syte for å ha området innhegna etter krav som det offentlege set.
7. Fjellmassen er grunneigar sin eigedom, og blir godtgjort av entreprenøren som frå før har avtale om slikt masseuttak.
8. Dersom pkt. 10 i avtalen mellom reinhaldsverket og Nautvik Knuseverk AS blir gjort gjeldande, kan denne avtalen med grunneigaren også hevast dersom reinhaldsverket ynskjer det.
9. Volda/Ørsta Reinhaldsverk kan fritt overdra sine rettar etter denne avtalen til eventuelle panthavarar eller andre selskap.
10. Etter at avtaletida er ute og reinhaldsverket har avvikla drifta, skal området ryddast og planerast.
11. Eventuelle tvistemål om tolking av denne avtalen vert avgjort med bindande verknad ved voldgift av Sorenskrivaren i Søre Sunnmøre.
12. Denne avtalen er underteikna i to eksemplar, der partane har kvar sitt.

Volda _____

Volda _____

Sak 42/91 Låneopptak slamhandsaming.

Sakshandsamar: Lars Petter Øye

I sak 35/91 vart styreleiaren gitt fullmakt til å velje lånegjevar etter at det også var henta inn tilbod fra KLP. Slikt tilbod ligg no føre, sjå vedlegg. I KLP sitt tilbod er det oppgitt 11,20% effektiv rente p.a., regulerbar etter 3 månaders varsel.

Då det i vedtaket i sak 35/91 var sett 2 år rentebindingstid finn eg det rett å legge saka fram for styret.

Vedlegg: Lånetilbod fra KLP
-----"----- fra BN-Kreditt

Ørsta 14.08.91

Lars Petter Øye
Lars Petter Øye
styreleiar

Kommunal Landspensjonskasse



Per Mulvik A/S
Boks 86

6101 VOLDA

Oslo, 26. juli 1991

F.30
OSE/AH

Vedrørende søknad om lån til Volda/Ørsta Renholdsverk.

Vi viser til Deres brev av 05.07.91.

Saken har vært behandlet og det er vedtatt følgende:

"Det ytes Volda/Ørsta Renholdsverk et gjeldsbrevlån på kr. 321.000,- til investeringer i forbindelse med slambehandling for kommunene Volda og Ørsta. Renten settes til 10,90% p.a., og er regulerbar etter 3 måneders varsel. Effektiv rente utgjør 11,20% p.a. Renten betales etterskuddsvis, halvårlig, og uten løpedager. Renter og avdrag som ikke betales i rett tid, belastes med 1% over lånerenten. Dersom det blir generell renteendring før lånet utbetales, blir den nye renten gjeldende for lånet.

Avdragstid: Etter nærmere avtale.


Lånet kan innfris helt eller delvis i løpetiden. Det forutsettes garanti fra Volda og Ørsta kommuner for lånet. Garantien omfatter hovedstol med tillegg av renter, morarenter og omkostninger."

Vi imøteser Deres nærmere meddelelse innen utgangen av oktober 1991 om vårt lånetilbud aksepteres.

På vedlagte skjema bes oppført hvilket tidspunkt lånet ønskes utbetalt. Skjemaet bes returnert snarest mulig, idet utbetalingstidspunktet først fastsettes etter at vi har mottatt skjemaet. Dersom spesielle forhold skulle inntreffe, tar vi forbehold om at eventuelle forskyvninger kan skje også etter at utbetalingstidspunktet er fastsatt.

Gjenpart av dette brev er sendt Volda og Ørsta kommuner.

KOMMUNAL LANDSPENSJONSKASSE


Olav Seim
Soussjef

NKreditt

Bolig- og Næringskreditt AS

Jon. H. Martinussen
6100 VOLDA

Vår referanse
0424T AF

Deres referanse

Trondheim
26. juni 1991.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK, VOLDA - TILBUD OM LÅN.

Vi viser til dagens telefonsamtale hvor De på vegne av ovennevnte ønsker tilbud på et lån stort kr 321 000,-.

Vi har gleden av å kunne tilby Volda/ørsta Reinhaldsverk et lån stort kr 321 000,- til finansiering av diverse investeringer.

Lånet tilbys med en løpetid på 8 år, og nedbetales med like store halvårlige avdrag.

Lånet må sikres med selvskyldnerkausjon fra Volda og ørsta kommune og med pant etter nærmere avtale.

Det må fremlegges godkjenning fra Fylkesmannen for garantistillelsen.

Ved utbetaling i dag, kan vi tilby lånet til følgende alternative betingelser:

Renteregulering	Nom.rente	Utbet.kurs	Effektiv rente
Alt. I Des. 1991.	11,70% p.a.	100%	12,04% p.a.
Alt. II Juni 1992.	11,45% p.a.	100%	11,78% p.a.
Alt. III Juni 1993.	11,30% p.a.	100%	11,62% p.a.
Alt. IV Mai 1994.	11,30% p.a.	100%	11,62% p.a.
Alt. V Des. 1994.	11,15% p.a.	100%	11,46% p.a.

Renten betales etterskuddsvis to ganger årlig.

Postadresse Hovedkontor
7005 TRONDHEIM

Besøksadresse
Munkegt. 21

Telefon
(07) 52 21 05

Telefax
(07) 53 15 21

Bankgiro
8801.06.20564

Postadresse Distrikthjørn
Brennemoen 12, 6100 Volda

Besøksadresse
Drottningens p. 10

Telefon
(02) 42 20 25

Telefax
(02) 42 43 04

Bankgiro
8801.06.20384

Rente- og kursbetingelsene er basert på betingelsene i obligasjonsmarkedet i dag. Derfor må vi ta forbehold om eventuelle endringer i rentenivået frem til tidspunktet for avtaleinngåelse eller utbetaling av lånet. Likeledes når det gjelder den tilbudte løpetid for lånet må det tas forbehold om forholdene på obligasjonsmarkedet ved utbetalingstidspunktet.

For alle ovennevnte alternativ vil ny rente og lengden på neste rentebindingsperiode bli fastsatt av Bolig- og Næringskreditt AS.

For ordens skyld gjør vi oppmerksom på at Bolig- og Næringskreditt AS ikke belaster sine låntakere med behandlingsgebyr, medlemsinnskudd, administrasjonsgebyr, solidaransvarstillegg eller lignende.

Vi håper De finner vårt tilbud konkurransedyktig og ser frem til å høre fra Dem.

Med hilsen
p.p. BOLIG- OG NÆRINGSKREDITT A/S


Rolf M. Iversen


Asgeir Flatjord

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak 43/91 Oppgjer for skadar som fylgje av teknisk svikt.

Sakshandsamar: Per Schjelderup

Det ligg føre 3 fakturaer frå P.E. Bjørdal AS på utført reparasjonsarbeid som fylgje av skader skjedd ved at giljotineluka ikkje har fungert tilfredsstillande. Fakturaene det gjeld lyder på kr. 22.189,- inkl. mva. av 15.06.90, kr. 10.104,- inkl. mva. av 21.03.90 og kr. 10.935,- inkl. mva. av 24.08.90.

Faktura på kr. 10.104,- er tidlegare betalt av reinhaldsverket, dei øvrige er ikkje betalt.

Krava er drøfta mange gonger, både i møter og via brevveksling. Påstand står mot påstand. Reinhaldsverket sitt syn er at sylindren som regulerer giljotineluka ikkje er tilfredsstillande, medan P.E. Bjørdal AS hevdar at reinhaldsverket har sett brytarane ut av funksjon, slik at automatikken ikkje kunne hindre havari. Slik står saka framleis.

Saka har også vore handsama i styret, der styret p.g.a. tvil tilbød seg å halvere fakturaen på kr. 22.189,-. Dette har ikkje P.E. Bjørdal AS akseptert, men tillegg heile ansvaret på VØR. Bjørdal har derimot i brev av 27.05.91 tilbode seg å halvere fakturaen på kr. 10.935,-.

I møte med P.E. Bjørdal AS 13.08.91, har dei, for å få saka ut av verda, tilbode seg å halvere alle 3 beløpa.

Saka blir lagt fram for styret til drøfting utan tilråding til vedtak.



VOLDA KOMMUNE
RÅDMANNSKONTORET
6101 VOLDA
TLF. (070) 76 582
TELEFAX: (070) 76 824

Sak 46/91.

A. 570 KB/kg

Per Arne Kile

6120 FOLKESTADBYGD

RENOVASJONSORDNINGA PÅ KILE.

Eg har motteke Dykkar brev av 1. august 1991.

Brevet vert idag sendt Volda/Ørsta Reinhaldsverk v/Lars Petter Øye for vidare handsaming.

"Forskriftene" vedtekne i Volda kommunestyre 24.10.85 er gjeldande.

Eg skal prøve å følgje opp saka i styret i Reinhaldsverket, og ber om at den vert teken opp på første møte.

VOLDA RÅDMANNSKONTOR, den 14.8.91.

Knut Bere
ordførar

Kopi m/vedlegg

Volda/Ørsta Reinhaldsverk v/Lars Petter Øye

Volda kommune v/ ordføreren
6100 Volda

VOLDA KOMMUNE
05.08.91

I høve tvist om renovasjonsordninga på Kile.

Etter to år med ugreidt tilhøve til renovasjonsverket, vender eg meg til ordføreren i von om ei avklaring.

Bakgrunnen er som følgjer:

I andre halvår 1989 fekk vi utlevert bosstativ og ordre om å levere bosset vårt ved riksveg 14. Vi bur ved ein kommunal sideveg, og i "Forskrifter om renovasjon for Volda og Ørsta kommuner" i §7, heiter det at bosstativ skal plasserast ikkje meir enn 10 m frå offentleg veg, eller annan køyrbar veg. Ut frå dette ser vi det som udiskutabelt at bossbilen skal hente ved den kommunale vegen som går fram til eigedomane våre, Dette heldt vi fram i skriv til renovasjonsverket 26/11 -89. (Vedlegg).

Sidan renovasjonsverket likevel nektar å køyre vegen, har vi funne det enklare å ta hand om bosset vårt sjølve. Vi har til dags dato ikkje levert boss til renovasjonsverket, og vi har heller ikkje fått utdelt sekkar til slikt bruk.

Etter mange telefonar og munnlege lovnader, vart avgifta for 1990 stroka, for vi nektar sjølvsagt å betale for ei teneste vi vert nekta å få. For 1991 kom det på nytt krav, og på toppen av alt kom det "krav før utpantingsvarsel" på avgift for 1989. Kravet for 1991 returnerte vi, og bad om å få eit nytt krav som omfatta berre feiaravgift. Kravet kom tilbake uendra, og grunngjevinga var at vi ikkje hadde søkt om fritak. (vedlegg). Sjølvsagt hadde vi ikkje det, for vi har aldri ønskt oss fritekne for renovasjonsordninga. Straks vi får den slik "Foreskriftene" tilseier, betaler vi gjerne.

Vi er kjende med at bossbilen tek mange avstikkarar på ruta si, både på private og kommunale vegar, og den kommunale vegen som går til tunet vårt, er neppe den dårlegaste. Sjølvsagt ønskjer vi veg og bru utbetra, for vi har mange transportar til gards som er både større og tyngre enn bossbilen, så om vegen stettar dei krava som er sette til private vegar i "Forskriftene", så er ikkje det fullgodt i alle samanhengar.

Slik stoda er, kjenner vi oss som som forvirra offer for tilfeldig utspel frå renovasjonsverket. Tanken om at ein er utsett for arrogant og vilkårleg maktdemonstrasjon ligg nokså nær, særleg

19 80 00

når vi i siste svaret frå ren.verket(22/7-91, vedlegg) får vedlagt eit eksemplar av "Forskrifter" som vel må takast til inntekt for vårt syn.

Telefoniske utsagn frå ansvarlege i reinhaldsverket og Teknisk etat, har vore like sprikande som breva vi har motteke, så vonleg skjønar ordføraren at vi ikkje finn det føremåltenleg med meir kontakt på det planet.

På vår side har dette utvikla seg frå ei fillesak til ei prinsipp sak, og det er for så vidt opp til ordføraren om saka skal avsluttast med dette.

I alle høve vonar vi ordføraren straks tek saka opp med renovasjonsverket. Vidare vil vi vite om "Forskrifter om renovasjon for Volda og Ørsta kommuner", vedteke i Volda kommunestyre 24/10-85, framleis er gjeldande og forpliktande for nokon.

Takk for svar.

6120 FOLKESTADBYGD, 1. august 1991.

Per Arne Kile
Per Arne Kile
Eigar av gnr 96 bnr 2.

Èg stikken fjølt ut det som her er skrevet.

Greim N. Lila.
Eigar av bnr 1/96

Nedlegg

Volda kommune
Teknisk etat
6101 VOLDA

INNFØRING AV RENOVASJON PÅ KILE.

Dykkar brev 21/11 v/ Asbjørn J Aasebø.

Av brevet Dykkar går det fram at vi som bur ved den kommunale vegen må frakte boset vårt fram til riksvegen. Årsaka tykkjest vere ei bru som er for svak for bosbilen.

Etter utrekning frå teknisk etet tidlegare, toler brua 6 tonn akseltrykk, og brua er skilta i samsvar med dette. Vi har til tider bilar til gards som synest vere både større og tyngre enn bosbilen, men eg har sjølvsaugt ikkje kika i vognkorta, så dette er berre ei personleg vurdering. At kommunen har skaffa seg bosbil som ikkje er i samsvar med forskriftene om renovasjon vedteke i kommunestyret 24/11 -85, er elles eit tankekors. Som De sikkert veit, er det der stilt krav om 6 tonn akseltrykk på dei bruene bosbilen skal trafikkere.

Vi ønskjer at bru og veg vert utbetra, slik at vi får renovasjon i høve til vedtaket i kommunestyret. Dersom vi skal frakte den delen av boset vårt som kommunen tek i sekken 2 - 300 m, så vil dette verte ei meir tungvint ordning enn den vi til no har praktisert.

Sidan vi bur ved ein offentleg veg, er det vel eigentleg dei som skal utføre renovasjonen som har eit problem i høve til kommunestyrevedtaket. Vi vonar De finn utveg til å løyse dette problemet, og til så lenge avstår vi frå å nytte oss av kommunen sin renovasjon, og sjølvsaugt betaler vi heller ikkje for ei teneste som vi vert nekta å få.

6120 FOLKESTADBYGD, 26. november 1989.

Per Arne Kile

Helsing Per Arne Kile

VOLDA KOMMUNE

TEKNISK ETAT

6101 VOLDA
Tlf. (070) 78 582

Vedlegg

Per... Arne... Kile...

Strømmhamnv...

6120 Folkestadbygd

Gjeld gnr./bnr. 96/2.....

RETTING AV KOMMUNAL AVGIFT 19 90 ; 2... HALVÅR

Dei kommunale avgiftene vert ~~auka~~/minka grunna:

Ren.ordninga på Kile

- Endring i det tekniske grunnlaget for eigedomen.
- Huset på eigedomen er i bruk mindre enn 6 mndr. pr. år (jfr. pkt. 8.6 i forskriftene for vass- og kloakkavgifter).

Vatn	post 1.620-600 (varenr. 200).	kr.	
Kloakk	" 1.630-600 ("..... 300).	"	
Renovasjon	" 1.640-610 ("..... 400).	"	451,-
Renovasjon settar	" 410	"	67,50
Feiling	" 1.651-600 ("..... 510/511)"	"	
		Kr:	518,50
20 % m.v.a.	"	103,70
I alt oppsett/nedsett med	kr.	622,20
Opphavleg krav	"	622,20
Rest å betale/til gode	Kr.	_____

- Endringa gjeld for i år, og eigedomsregisteret er uendra.
- Endringa gjeld permanent, og eigedomsregisteret er endra.

TEKNISK ETAT I VOLDA, den 21 / 1 1991

Sigbjørn Hessen
tekn. sjef

VOLDA

TEKNISK

Eivind ~~Ordal~~

for Gunnar L. Lillebø
avd. leiar

Kopi til: Revisjonen
Kommunekassa
Arkiv

RENOVASJONEN: Antal stativ er endra til
FEIAREN: " piper " " "



VOLDA KOMMUNE
TEKNISK ETAT

6101 VOLDA
TLF. (070) 76 582
TELEFAX (070) 76 824

Vedlegg

Per Arne Kile
Straumshamn

6120 Folkestadbygd

Dykkar ref:

Vår ref:
96/2 EBO/

Dato:
13.06.91

KOMMUNALE AVGIFTER 1. HALVÅR 1991.

Den 04.06.91 fekk Volda kommunekasse i retur frå Dykk eit krav på kommunale avgifter for gnr. 96 bnr. 2. Dette vart levert teknisk etat til handsaming.

Teknisk etat/kommunekassa kan ikkje kreditere denne renovasjonsavgifta utan etter avtale med Volda & Ørsta Reinhaldsverk.

Teknisk etat har tatt kontakt med reinhaldsverket som svarar i brev datert 10.06.91:

"Det er ikke søkt om fritak. Avgifta må stå inntil dette vert avklara".

Dersom noko er uklart, bed vi om at De tek kontakt med Volda og Ørsta Reinhaldsverk eller teknisk etat.

Volda kommune/teknisk etat

Eva-Britt Osdal
Eva-Britt Osdal
kontorfullm.

Kopi: Kommunekasse
Revisor

Vedlegg



VOLDA KOMMUNE
TEKNISK ETAT

6101 VOLDA
TLF. (070) 76 582
TELEFAX (070) 76 824

Vedlegg

Per Arne Kile
Straumshamn

6120 Folkestadbygd

Dykkar ref:

Vår ref:
96/2 EBO/

Dato:
22.07.91

RENOVASJON - KILE.

Syner til telefonsamtale og brev frå teknisk etat datert 13.06.91.

For ca. 1 år sidan var folk frå teknisk etat og reinhaldsverket på staden og vurderte om vegen fram til eigedomane på Kile var køyrbar.

Vegen har ikkje ein standard som gjer det muleg å bruke reinhaldsverket sin bil som vert nytta i området. Vi må difor be om at boset vert sett fram på tømestaden så langt bilen kan køyre. Det er mange abonnentar som bur slik til at dei må ordne seg på denne måten.

Avgjerda om dette fekk De munnleg melding om i fjor i samband med synfaringa.

Kommunestyret har vedteke å innføre tvungen renovasjon på Kile. Abonnentane har difor plikt til å levere bos og betale avgift.

Det er såleis ikkje grunnlag for å redusere/stryke avgiftene.
./. Sjå forskrifter om renovasjon for Volda og Ørsta kommuner.

VOLDA KOMMUNE/TEKNISK ETAT

Eva-Britt Osdal
Eva-Britt Osdal
kontorfullm.

Kopi: Kasse
Revisor

Vedlegg

Sak 48/91 Møteplan 2.halvår 1991.

Forslag til møteplan:

19-sept-1991, styremøte:

- Grovavfallsfyllinga, endeleg handsaming av avtalar og finansiering.
- Anaerob handsaming av organisk avfall.
- Budsjettkorrigerering.
- Organisasjonsplan.

03-okt-1991, representantskapet:

- Organisasjonsplan.
- Budsjettkorrigerering.
- Grovavfallsfyllinga, handsaming av avtalar og finans.

24-okt-1991, styremøte:

- Budsjetthandsaming.

08-okt-1991, representantskapsmøte:

- Budsjetthandsaming.

MØTEBOK

År 1991 den 1. juli vart det halde møte i styret for Volda/Ørsta Reinholdswerk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Lars Petter Øye
Rasmus R. Aarflot
Knut Bere
Helge Remøy
Per R. Mork

Elles møtte: Jan Driveklepp
Voldaregnskap AS v/ Nils Velle

Styreleiaren ba om å få handsama 3 nye saker i møtet:

- SAK 038/91 MELLOMBELS ADMINISTRASJONSORDNING.
- SAK 039/91 NYE OPNINGSTIDER VED MILJØSTASJONEN.
- SAK 040/91 GODTGJERSLE TIL STYREFORMANN.

Merknader til innkalling og sakliste elles: Ingen.

SAK 035/91 FINANSIERING AV SLAMTØMING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Volda/Ørsta Reinholdswerk tek opp lån, stort kr. 321.000,- til finansiering av investeringar i samband med oppretting av slambehandlingsløyising. Styreleiaren skal hente inn tilbod frå KLP og, og får fullmakt til å velje långjevar utifrå gunstigaste tilbod, og til å legge fram søknad om kommunal garanti. Rentebindingstida på lånet skal vere 2 år.

SAK 036/91 ORGANISASJONSPLAN.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret seier seg førebels samd i framlegget til organisasjonsplan med instruksar, som vert å sende ut til arbeidstakarorganisasjonane med frist til 20.08.1991 for uttale.

SAK 037/91 FULLMAKTER TIL DISPONERING AV BANKKONTI.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Nils Velle har, saman med styreleiar eller nestleiar, fullmakt til å disponere konto nr. 6563 05 00987 og konto nr. 6563 05 04931.

SAK 038/91 MELLOMBELS ADMINISTRASJONORDNING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret ber administrasjonen og styreleiar om å legge fram ei sak om mellombels ordning med arbeidsdeling mellom Knut Brune og Voldaregnskap AS til styremøte ultimo august.

SAK 039/91 NYE OPNINGSTIDER VED MILJØSTASJONEN.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Opningstidene ved Miljøstasjonen vert endra frå veke 28 til å vere:

Måndag - Fredag: kl. 0800 - 1530.

Det skal vere ein langdag i veka med opningstid til kl. 1800.

SAK 040/91 GODTGJERSLE TIL STYRELEIAR.

(Styreleiar Lars Petter Øye var fråverande under handsaming av saka.)

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret viser til brev frå Styreleiaren vedkomande utbetalt leiargodtgjersle for 1985-88 og vidare for 1989-90.

Styret i Volda/ørsta Reinhaldsverk stadfestar at utbetalt godtgjersle er i samsvar med vedtak i R-sak 4/85 og S-sak 23/88.

Møtet slutt kl. 1840.

Per A. Mørk *Lars Petter Øye*
Helge Remm
Knut Brune

MØTEBOK

År 1991 den 21. juni vart det halde møte i styret for Volda/Ørsta Reinholdswerk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Lars Petter Øye
Knut Bere
Helge Remøy
Per R. Mork

Elles møtte: Per Mulvik AS v/ Per Schjelderup
Voldaregnskap AS v/ Jon-H. Martinussen
Driftsleiar Knut Brune

Styreleiaren ba om å få handsama 2 nye saker i møtet:

SAK 033/91 SØKNAD OM TILSKOT TIL MILJØKONFERANSE.

SAK 034//1 SPØRSMÅL FRÅ MØREFORSKNING OM AT VØR SKAL STÅ SOM SØKER OM TILSKOT TIL DU FOR EIT PROSJEKT OM ANAEROB BEHANDLING AV ORGANISK AVFALL.

Merknader til innkalling og sakliste elles: Ingen.

REFERATSAK: KLAGE PÅ VAL AV ENTREPRENØR TIL SLAMINNSAMLING.

Helge Remøy meinte at prisen skulle ha vore avgjerande, og at Andy Evensen skulle ha fått oppdraget. Elles ingen merknader.

SAK 024/91 REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 1990.

Framlegget til årsmeldinga vart endra på side 3, første avsnitt, der ein fjernar ordet ulovleg på 2 stadar.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret rår representantskapet til gjere slikt desisjonsvedtak:

Revisor sitt framlegg til desisjon vert godkjend.

SAK 025/91 FØRESEGNER SLAMTØMING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Vedteke etter innstillinga, sett bort frå at nest siste line i # 11 går ut (slamtøming vert no sett igang snarast mogleg) (Korrigerte føresegnar er lagd ved møteboka).

Føresegnene vert sendt til godkjenning i dei føresette instansar.

SAK 026/91 AVGIFTER SLAMTØMING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Avgiftene vert fastsett etter innstillinga, sett bort frå at 2. avsnitt side 2 lyder: For større tankar og tankar som etter føresegnene skal tømast sjeldnare eller oftare enn 2.kvart år, vert årsgebyret fastsett av Reinhaldsverket.

Nest siste avsnitt skal lyde: satsane gjeld (korrigert innstilling er lagt ved møteboka).

SAK 027/91 FINANSIERING SLAMTØMING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Til investeringar i samband med opparbeiding av lagerplass m.m. for avvatna slam er kapitalbehovet kr. 321.000,-. Beløpet skal søkjast finansiert gjennom lån i private låneinstitusjonar, og administrasjonen får i oppdrag å innhente tilbod på finansiering.

SAK 028/91 A) ORGANISASJONSPLAN.
B) INSTRUKS FOR ADMINISTRATIV LEIAR.
C) INSTRUKS FOR DRIFTSLEIAR.

Saka vart samrøystes utsett.

SAK 029/91 GROVAVFALLSPASS - DRØFTING.

KONKLUSJON AV DRØFTINGA:

Styret ber om møte med ordførarane, tekniske sjefar og rådmennene i Volda og Ørsta kommunar for diskusjon av avfallsspørsmål i kommunane.

Magnar Lid har ikkje godteke VØR sitt tilbod enno.

Magnar Lid vert å tilskrive med krav om forhandlingsmøte som er naudsynt før ein kan søke om oreigningsløyve hos Fylkesmannen.

I eit slikt møte skal Lars Petter Øye, Rasmus R. Aarflot og Knut Bere representere VØR.

SAK 030/91 BATTERIINSAMLING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk fornyar avtalen med Batteri-innsamlingen for Midt-Norge for eitt år til ein kostnad

av kr. 2,50 pr. innbyggjar i kommunane, ialt kr. 45.610,-. MVA som er frådragsberettiga, kjem i tillegg.

- SAK 031/91 SØKNADAR OM FRITAK FRÅ ELLER REDUSERT RENOVASJONS-
AVGIFT.
- VEDTEKE SAMRØYSTES.
- VEDTAKA LYDER:
- A) REGINE KLEPP.
Søknaden kan ikkje imøtekomast.
- B) SIVERT HØYBAKK.
Søknaden kan ikkje imøtekomast.
- C) ASLAUG DAHL.
Søknaden om fritak for stativ kan imøtekomast.
Søknaden om fritak frå renovasjon kan ikkje imøtekomast.
- D) RASMUS KVANGARDSNES.
Søknaden om fritak for stativ kan imøtekomast.
Søknaden om fritak frå renovasjon kan ikkje imøtekomast.
- E) KIRSTEN OG EINAR AAMBAKK.
Søknaden kan ikkje imøtekomast.
- F) GUNVOR RØNNING.
Søknaden kan ikkje imøtekomast.
- SAK 032/91 REKNESKAP PR. 31.05.1991.
- Rekneskapan pr. 31.05.1991 vart framlagt og teke til vitande.
- SAK 033/91 SØKNAD FRÅ NATUR- OG MILJØVERNFORBUNDET V/ GUNNAR
WANGEN OM TILSKOT PÅ KR. 1.000,- TIL AVFALLSMØTE I
VOLDA.
- VEDTEKE SAMRØYSTES.
- VEDTAKET LYDER:
VØR yter eit tilskot på kr. 1.000,- til Natur- og
Naturvernforbundet v/ Gunnar Wangen. Tilskotet vert å
dekke over konto nr. 38.00.290 Andre utgifter.
- SAK 034/91 ANAEROB BEHANDLING AV ORGANISK AVFALL - DRØFTING.

KONKLUSJON AV DRØFTINGA:

Saka vert teken opp i eit seinare møte.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Møtebok frå styremøte 21/6 91

Sak nr. 31/91

Sakshandsamar: Knut Brune

SØKNADER OM FRITAK FRÅ RENOVASJON ELLER OM NEDSETT RENOVASJONSAVGIFT.

- a) Regine Klepp, Volda har søkt om fritak frå renovasjon.

Eigedomen ligg i område for tvungen renovasjon der alle eigedomar som kjem inn under desse områda skal vere med i renovasjonsordninga.

Tilråding til vedtak:

Med den presedens søknaden vil ha for mange liknande saker, kan søknaden ikkje imøtekomast.

Vedtak Samrøstes etter tilrådinga.

- b) Sivert Høybakk, Austefjorden har søkt om fritak frå renovasjon.

Eigedomen ligg i område for tvungen renovasjon. Eigedomen er lett tilgjengeleg for renovasjon og eg kan soleis ikkje tilrå fritak.

Tilråding til vedtak:

Søknaden kan ikkje imøtekomast.

Vedtak Samrøystes etter tilrådinga.

- c) Aslaug Dahl, Norangdal har søkt om fritak frå renovasjon.

I søknaden går det fram at Aslaug Dahl ikkje ønskjer å ta imot bosstativ. Det har i einsskilde høve vore gitt løyve til å nytte andre oppsamlingseiningar når sekken vert boren fram på hentedagen. I dette høvet kan eg tilrå at Aslaug Dahl vert fritaken for stativplikta.

Eigedomen ligg i område for tvungen renovasjon. Alle eigedomar som ligg i renovasjonsområde skal gå inn under renovasjonsordninga.

Tilråding til vedtak:

Søknaden om fritak for stativ kan imøtekomast. Søknaden om fritak frå renovasjon kan ikkje imøtekomast.

Vedtak Samrøystes etter tilrådinga.

- d) Rasmus Kvangardsnes, Folkestadbygd har søkt om fritak frå renovasjon.

Saka er analog til saka til Aslaug Dahl, sak 31/91 c ovanfor.

Tilråding til vedtak:

Søknaden om fritak for stativ kan imøtekomast. Søknaden om fritak frå renovasjon kan ikkje imøtekomast.

Vedtak Samrøystes etter tilrådinga

- e) Kirsten og Einar Aambakk, Åmdal har søkt om nedsett renovasjonsavgift.

Sak 31/91 e) forts.

Vedtak om nedsett renovasjonsavgift kan berre gjevast av den kommunen søkjaren er busett i.

Tilråding til vedtak:

Søknaden kan ikkje imøtekomast av Volda/Ørsta Reinhaldsverk, men må i so fall rettast til Ørsta kommune for avgjerd.

Vedtak Samrøystes etter tilrådinga.

f) Gunvor Rønning, Leknes har søkt om redusert avgift.

Eigedomen ligg i område for tvungen renovasjon.

Tilråding til vedtak:

Søknaden kan ikkje imøtekomast.

Vedtak Samrøystes etter tilrådinga.

Rett utskrift


Knut Brune

MØTEBOK

År 1991 den 27.mai vart det halde møte i styret for Volda og Ørsta Reinhaldsverk på Volda Rådhus.

Desse møtte: Lars Petter Øye
Rasmus R. Årflot
Helge Remøy
Knut Bere
Per R. Mork

Elles møtte: Jostein Støylen fra Distriktsrevisjonen

Det var ingen merknader til inkalling og sakliste.

B-SAK 4/91

Styremedlemene hadde til forrige møte fått tilsendt revisjonsrapport av 15.mars 1991 og til dette møtet var det utsendt tilsvar fra Knut Brune av 24.april 1991, vurdering fra adv. Sande (for Knut Brune) av 25.april 1991 og ei vurdering styret hadde bedt om fra Kommunenes Sentralforbund v/adv. Åbyholm av 06.mai 1991.

Formannen refererte brev fra repr. formannen Jan Driveklepp av 11.mai 1991, notat til repr.formannen fra styreformannen og brev fra Knut Brune til styret av 21.mai 1991.

Etter drøfting av saka sette formannen fram slikt forslag:

1. Styret viser til tidlegare vedtak i saka der ein tek sterk avstand fra den handlemåte driftsleiar Knut Brune har lagt seg til.
2. Ut fra dei tilhøve som er avdekka kan Knut Brune ikkje halde fram som dagleg leiar i Volda og Ørsta Reinhaldsverk. Det er likevel grunn til å peike på at Knut Brune i den tekniske delen av jobben har vore eit aktivum for Reinhaldsverket, og styret ynskjer å drøfte eit framhald i den tekniske delen av stillinga på redusert tid. Då organisasjonsplanen for Reinhaldsverket er under revisjon må dette sjåast i samheng med ny organisasjonsplan.
3. I fylgje vurderinga fra KS vil tilhøvet kunne rammast av straffelova sin §275. Styret finn det difor rett å oversende saka til påtalemakta. Påtalemakta vert beden om å ta med krav om tilbakebetaling/erstatning i samband med staffesaka.
4. Formannen, nestformannen og revisor vert bedne om å utarbeide eit krav om tilbakebetaling som vert lagt fram for styret.
5. Når det gjeld overtidsgodtgjersle til Knut Brune i dei to åra VØR har drive renovasjonen(1989-90) vil styret peike på at det har vore svært hektiske år med avslutning av og dels provisorisk drift i Alida, bygging og igangkøyring av

- Miljøstasjonen, utviding av renovasjonsområdet, etablering av nye tenester og i tillegg flytting av rekneskaps- og lønnsarbeidet til ny rekneskapsfører med dertil høyrande rutiner, p.g.a. vanskar ved Volda Komm. kasse.
6. Knut Brune har vore friteken frå tilvisingsmyndet fra 22.januar 1991. Tilvising skal (som no) intil vidare ligge til styreleiaren med nestleiaren som vara.

Rasmus R. Årflot sette fram slikt forslag:

1. Styret viser til tidlegare vedtak i saka der ein tek sterk avstand fra den handlemåte driftsleiar Knut Brune har lagt seg til.
2. Knut Brune har no søkt om 50% stilling. Styret aksepterer søknaden og fritek han for den merkantile delen av stillinga. Då organisasjonsplanen for Reinhaldsverket er under revisjon må dette sjåast i samanheng med ny organisasjonsplan.
3. Formann og revisor vert bedne om å utarbeide eit krav om tilbakebetaling som vert lagt fram for styret.
4. Når det gjeld overtidsgodtgjersle til Knut Brune i dei to åra VØR har drive renovasjonen (1989-90) vil styret peike på at det har vore svært hektiske år med avslutning av og dels provisorisk drift i Alida, bygging og igangkøyring av Miljøstasjonen, utviding av renovasjonsområdet, etablering av nye tenester og i tillegg flytting av rekneskaps- og lønnsarbeidet til ny rekneskapsfører med dertil høyrande rutiner p.g.a. vanskar ved Volda Komm. kasse.
5. Knut Brune har vore friteken frå tilvisingsmyndet fra 22.januar 1991. Tilvising skal (som no) intil vidare ligge til styreleiaren med nestleiaren som vara.

Det vart bede om prøverøysting og den ga slikt resultat:
3 røysta for Årflot sitt forslag og 2 (Bere, Øye) for formannen sitt.

Ved endelig røysting vart Årflot sitt forslag vedteke med
4 mot 1 røyst (Øye).

Ørsta 31.mai 1991

Lars Petter Øye

Lars Petter Øye

Kopi til: Form. i representantskapet Jan Driveklepp
Distriktsrevisjonen v/Jostein Støylen

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak 25/91 Føresegner slamtøming.

Sakshandsamar: Per Schjelderup

Forslag til føresegner går fram av vedlegg.
Føresegnene tek utgangspunkt i at begge kommunestyra i 1990 har gjort vedtak om å innføre mobil avvatning som behandlingsmetode for kloakkslam.

Føresegnene skal regulere tilhøva mellom reinhaldsverket og abonnent, og angir abonnenten sine plikter, tømerrutinar, betaling og innkrevjing av avgift, klagesaksgang, bøtlegging. Vidare er medteke tilhøve om tilkomst til tankane, rapportering om tanktilstand, godtgjering for tøming utanom rutiner, betaling for fellesanlegg.

Føresegnene er bygd opp med bakgrunn i Forureiningslova og vedlegg til denne med ein del tilføyningar.

Føresegnene skal vedtakast av representantskapet og kommunestyra i begge kommunane.

Tilråding til vedtak:

Styret tilrår overfor representantskapet at føresegner for slamtøming blir godkjent.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

FØRESEGNER / VEDTEKTER FOR TØMING AV
SLAMAVSKILJARAR.

Begge kommunane har vedteke å innføre mobil avvatning av slam som behandlingsmetode for kloakkslam, Volda kommunestyre i møte 3. mai 1990 og Ørsta kommunestyre i møte 28. mai 1990. Vedtaket vart gjort i medhald av § 34 i forureiningslova.

Desse føresegnene er vedteke av Volda kommunestyre i møte den og av Ørsta kommunestyre i møte den i medhald av lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og av avfall § 26 tredje ledd og § 34.

§ 1.

ABONNENTEN SINE PLIKTER.

Abonnten skal syte for at anlegga som skal tømast er lett å kome til for tøming med bil. Overdekking av kumlokk o.l. med snø, is, jord osv. må vere fjerna av abonnenten før tøming skal utførast.

Den som tømer anlegget har rett til å plassere naudsynt utstyr på eigedomen for å få utført tøminga.

§ 2.

TØMING AV SLAMAVSKILJARAR M.M.

Melding om når tøming vil finne stad vil verte gjeve gjennom pressa eller på annan måte som reinhaldsverket finn føremålstenleg.

For eigedomar med fast busetjing og med toalett tilknytt slamavskiljar, skal slamavskiljaren tømast 1 gong pr. 2. år.

For eigedomar med fast busetjing utan toalett tilknytt slamavskiljar og for fritidshus skal slamavskiljaren tømast kvart 3. år.

Tette oppsamlingstankar skal tømast kvart år. I spesielle høve kan reinhaldsverket endre desse innsamlingsrutinane.

41

Tøming skal utførast slik at den ikkje er til ulempe for nokon med omsyn til støv, lukt eller støy.

Anlegget skal forlatast i lukka stand, og grinder, portar og dører skal stengast, eventuelt låsast.

§ 3.

KVEN SKAL BETALE AVGIFT.

Abonnenten skal betale ei årleg avgift som blir innkrevd av kommunen. Kommunane fastset reglar for utrekning av storleiken på avgifta.

§ 4.

INNKREVJING, RENTER M.M.

Renovasjonsavgift med tilkomne renter og kostnader er sikra med lovbestemt pant etter pantelova § 6 - 1. Om renteplikt ved for sein betaling og inndrivning av avfallsgebyr gjeld reglane i lov av 6. juni 1975 nr. 29 og eigedomsskatt til kommunane § 26 og § 27 tilsvarande.

§ 5.

KLAGE.

Rette styreorgan kan avgjere klager, søknadar, m.v. som gjeld denne ordninga. Vedtak som er fatta av HTS eller andre som er delegert mynde i medhald av desse føresegnene, kan påklagast til formannskapet i den respektive kommune.

§ 6.

STRAFF.

Brot på føresegnene vert straffa med bøter etter forureiningslova § 79 andre ledd.

§ 7.

TILKOMST.

Abonnentane skal ha skriftlig varsel minst ei veke før tøming. Dersom operatøren ikkje får tømme p.g.a. vanskelig tilkomst eller anna hindring ved fyrste gongs tøming, skal abonnenten få frist til neste tømerunde med å rette manglane. Reinhaldsverket vil ikkje påta seg krav for skade på vegar, hagar etc. Dersom vegstandarden er for dårlig, må tankeigar syte for forsterkning.

§ 8.

TILSTANDSRAPPORT.

Ved fyrste gongs tøming skal operatøren fylle ut tilstandsrapport for alle tankar. Seinare skal berre melding sendast om tankar som ikkje er i orden.

§ 9.

MANGLANDE KLARGJERING.

Dersom abonnenten ikkje har klargjort tanken for tøming eller ein må tømme tankar utanom den oppsette arbeidsplanen (rute), kjem tilkøyring i tillegg til tømeprisen. Abonnenten skal bestille og betale denne tenesta direkte til transportøren.

§ 10.

AVGIFTER VED FELLESANLEGG.

For bustadfelta som er bygde utan slamavskiljar for kvart hus, skal huseigarane betale for slamtøming etter minstesats (4,5 m³).

§ 11.

YMSE.

Slamtømarer/transportøren har fått følgjande retningsliner å arbeide etter:

- Hus tekne i bruk etter 1. januar i tømearet deltek ikkje i tømearordninga første året.
- Andre tankar skal tømast slik som vedteke.
- Køyreruta vert fastsett etter avtale med operatør.

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak 26/91 Avgifter slamtøming.

Sakshandsamar: Per Schjelderup

I styresak 15/91 vart Miljøservice A/S, Stryn, vald til entreprenør for slambehandlinga. Tilbudsprisane er lagt til grunn for avgiftsberekninga. I tillegg er medteke årlege kapitalkostnader for naudsynte investeringar og årlege drifts- og administrasjonskostnader, fordelt ut på eit antatt tankantal.

Tankantalet er svært uvisst, men berekninga er basert på tøming av 500 tankar pr. år, noko som etter drøftingar med kommunane vert vurdert til å vere den nedre grensa for antal tankar.

Tømekostnaden går ned med aukande antal tankar, og vedlagde berekningar syner tømekostnaden dersom tankantalet er 1300 pr. år.

Ettersom det knyter seg stor uvisse til antal tankar, finn ein det rett å berekne avgifta ut frå det lavaste tankantalet.

Framlegg til tømingsavgifter ligg ved, og føresetnaden er at satsane skal gjelde i 1 år.

Avgiftssatsane skal godkjennast av representantskapet og begge kommunestyra.

Tilråding til vedtak:

Styret tilrår overfor representantskapet at fylgjande framlegg til avgiftssatsar blir godkjent:

Årleg slamtømegebyr for tøming av tank kvart 2. år vert sett til fylgjande:

Tankar inntil 4,5 m3:	
Tøming 730,-/2	kr. 365,-
Fordelte kostnader	" 308,-

Sum eks. mva.	kr. 673,- pr. år.

Tankar inntil 7,5 m3:	
Tøming 1.055,-/2	kr. 527,50
Fordelte kostnader	" 308,-

Sum eks. mva.	kr. 835,50 pr. år.

Tankar inntil 10,0 m3:	
Tøming 1.425,-/2	kr. 712,50
Fordelte kostnader	" 308,-

Sum eks. mva.	kr. 1.020,50 pr. år.

For større tankar og tankar som etter føreskriftene skal tømast sjeldnare eller oftare enn 2. kvart år, vert årsgebyret fastlagt av reinhaldsverket.

Alle prisar skal tilleggast mva.

Avgiftssatsane gjeld for 1991.

Satasane gjeld alle slamavskiljarar/tankar med avstand mindre enn 70 m frå køyreveg for bil og med løftehøgde inntil 10 m frå køyreveg.

Avgift blir å krevje inn kvart år.

MØTEBOK

År 1991 den 18. april vart det halde møte i styret for Volda/Ørsta Reinholdsværk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Lars Petter Øye
Rasmus R. Aarflot
Knut Bere
Per R. Mork

Elles møtte: Per Mulvik AS v/ Per Schjelderup
Voldaregnskap AS v/ Jon-H. Martinussen
Driftsleiar Knut Brune

Merknader til innkalling og sakliste: Ingen.

SAK 014/91 TØMINGSAVGIFTER OG VEDTEKTER SLAMTØMING.

Saka vart samrøystes utsett.

SAK 015/91 VAL AV ENTREPRENØR.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Volda/Ørsta Reinholdsværk vel Miljøservice AS, Stryn, som entreprenør for slambehandlinga i samsvar med vedlagde tilråding, under føresetnad av at kommunane godkjenner val av teknisk løysing og avgiftssatsar. Val av entreprenør er vidare gjort under føresetnad av at tilfredsstillande avtale blir oppnådd.

SAK 016/91 GROVAVFALL - AVTALE MED GRUNNEIGAR

Saka vart samrøystes utsett.

SAK 017/91 GROVAVFALL - AVTALE MED NAUTVIK KNUSEVERK AS.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret i Volda/Ørsta Reinholdsværk seier seg førebels samd i avtaleforslaget slik det ligg føre med fylgjande endringar/tillegg:

1. Opparbeidingstid på 4 månader blir akseptert.
2. Basisdato for prisregulering blir sett til 01.01.91.
3. Fylgjande nytt punkt skal inn i avtalen:
Dersom Nautvik Knuseverk AS ikkje er i stand til å oppfylle avtalen med Reinholdsværket, har Reinholdsværket

verket rett til å sette ny entreprenør inn i avtalen. Nautvik Knuseverk AS sine rettar etter avtalen med grunneigar vil i eit slikt høve gå over til Reinhaldsverket for området som er omfatta av stadfest reguleringsplan.

4. Avtaleframlegget vert, saman med framlegget til festekontrakt med Magnar Lid, oversendt advokat Egil Arne Standal for ei uhilda vurdering av juridiske tilhøve.

SAK 018/91 KJØP AV BRANNSIKKERT DOKUMENTSKAP.

Saka vart samrøystes utsett.

SAK 019/91 MØTEBOK.

VEDTAKET VAR SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Møtebøker for 1991 og seinare år vert å utarbeide i samsvar med føresegner for protokollering for Formannskapet og Kommunestyret i Volda, vedteke i sak nr. 128/89.

Møtebøker for 1990 og tidlegare år vert å binde inn kvart år for seg med innkallingar, saksdokument og møtebøker, då dette er naudsynt for å få tilrekkeleg oversikt over sakene.

SAK 020/91 ORGANISASJONSPLAN - DRØFTING.

VEDTAKET VAR SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Jo Prestegarden vert engasjert til å lage utkast til organisasjonsplan med instruksar og rutinebeskrivelser innanfor ei ramme på kr. 5.000,-, og at det medan arbeidet pågår, vert halde koordineringsmøte med styreleiar, nestleiar, Per Mulvik AS og Voldaregnskap AS.

SAK 021/91 KJELDESORTERING (PAPIRINNSAMLING) - DRØFTING.

VEDTAKET VAR SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Det blir bede om at det blir lagd fram ei sak om kjeldesortering / papirinnsamling når tilhøva er nærare avklara.

SAK 022/91 INNSAMLINGSRUTINAR - DRØFTING.

VEDTAKET VAR SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Det blir bede om at blir lagd fram ei sak om dette.

SAK 023/91

a) INNMELDING I KOMMUNENES SENTRALFORBUND.

VEDTAKET VAR SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Volda/ørsta Reinhaldsverk skal melde seg inn i Kommunenes Sentralforbund omgåande.

b) MOTTAK AV HAGEAVFALL I ALIDA.

Det er satt igang mottak av hageavfall i Alida. Opplegget for ordninga vart referert og teke til vitande.

c) REKNESKAPSTALL FOR 1991.

Rekneskapstall pr. 31.03.91 vart referert og teke til vitande.

Møtet slutt kl. 2155.

L. P. Gje.

Knut Ove

~~Ståle Rønne~~

Per R. Mørk

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak Val av entreprenør slambehandling.

Sakshandsamar: Per Schjelderup

Slambehandlinga har vore ute på tilbod, og 11 entreprenørar har gjeve pris på arbeidet.

Øversikt over priskonsekvensar for dei einsskilde tilbydarane og tilråding til val av entreprenør ligg ved.

Tilråding til vedtak.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk vel Miljøservice A/S, Stryn, som entreprenør for slambehandlinga i samsvar med vedlagde tilråding, under føresetnad av at kommunane godkjenner val av løysing og avgiftssatsar.

Val av entreprenør er vidare gjort under føresetnad av at tilfredsstillande avtale blir oppnådd.

MØTEBOK

År 1991 den 12. februar vart det halde møte i styret for Volda/Ørsta Reinholdswerk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Lars Petter Øye
Rasmus R. Aarflot
Helge Remøy
Knut Bere
Per R. Mork

Elles møtte: Per Mulvik AS v/ Per Schjelderup
Voldaregnskap AS v/ Nils Velle
Driftsleiar Knut Brune

Merknader til innkalling og sakliste: Ingen.

SAK 001/91 KOMPRIMATORSTASJONEN - ANSVARSTILHØVE P.E.BJØRDAL AS -
GJENNOMGANG VED PER MULVIK AS.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Volda/Ørsta Reinholdswerk erkjenner ikkje ansvar i samband med knust sylinder, giljotin og cotainer. Sidan P.E.Björdal AS og Ose & Aarseth AS står på sine krav, tilbyr Volda/Ørsta Reinholdswerk 50/50 deling av fakturaene nr. 33293 og 51651.

Styreformann, driftsleiar og Per Mulvik AS v/ Per Schjelderup får i oppdrag å utforme brev til P.E. Björdal AS og Ose & Aarseth AS.

SAK 002/91 GODKJENNING AV RUTINER OG INSTRUKSAR:

VEDTEKE SAMRØYSTES

VEDTAKET LYDER:

A) INSTRUKS FOR SJÅFØRAR.

1. Denne instruksen gjeld for sjåførar som har bastillegg og leier arbeidet med innsamlinga.
2. Sjåførane er ansvarlege for at dei oppsette vedlikehaldsrutinane for køyretya blir fylgde.
3. Reparasjonsarbeid som ikkje er vanleg vedlikehald skal gå gjennom driftsleiar.
4. Sjåførane skal attestere rekningar vedr. reparasjonar og vedlikehald av bilar.
5. Sjåførane har ansvaret for at bilane har tilstrekkelig drivstoff, kjøleveske, motorolje m.v. før køyringa tek til.

6. Ved trafikkuhell har sjåførane ansvaret for at skademelding vert utfyllt og undertekna av begge partar.
7. Sjåførane har ansvaret for at køyretya er lasta i samsvar med vegtrafikklova.
8. Det må visast særskild varsemd under fergetransport, slik at unødig luktulempe eller avsig frå køyretya blir unngått.
9. Sjåførane har ansvar for reinhald av bilane etter endt arbeidsdag, og å gjere rein vaskeplassen etter spyling. Det skal ikkje ligge att laust avfall etter reingjering.
10. Dersom køyretya er reingjort før arbeidstida er slutt, kan sjåførane setjast til anna arbeid på stasjonen til den betalte arbeidstida er ute.
11. Sjåførane skal føre oversikt over innsamla forretningsavfall, ekstrakolli m.v. Oversikta skal danne grunnlag for innkrevjing av avgift.

B) DRIFTSINSTRUKS FOR MILJØSTASJONEN.

- 1) Volda/Ørsta Reinhaldsverk sin miljøstasjon har som føremål å ta imot for vidareending hushaldningsavfall, kvitevarer, grovavfall, glas, papir og andre typer avfall som naturleg høyrer inn under renovasjonsverksemd. Spesialavfall blir motteke, lagra og vidaresendt i samsvar med særskild godkjenning av mottaksplass for spesialavfall. Berre personar med godkjend bakgrunn bør handtere spesialavfall, sjå eigen instruks.
- 2) Miljøstasjonen skal drivast slik at anlegget ikkje medfører ulemper i form av lukt, støy, forureining av vatn eller forsøpling av området. Det skal ikkje lagrast anna hushaldningsavfall enn det som er i containerane under oppfylling.
- 3) Utanom anlegget si opningstid skal porten vere låst. Opplysningar om åpningstida skal finnast ved porten.
- 4) Levering av avfall frå privatpersonar og industri m.v. skal skje innanfor åpningstida mot betaling etter vedtekne satsar. Operatøren tilviser plassering av dei einskilte varer som kjem inn til stasjonen, registrerer mengda og samordnar kolli-rapportane som er faktureringsgrunnlag. Det er viktig å halde dei avtalte fristane for innlevering til kommunane.

- 5) Miljøstasjonen skal drivast av faste operatørar. Driftsleiar skal påsjå at operatørane har nødvendig opplæring, og at anlegget blir dreve etter instruks frå utstyrsleverandørar, helseråd, arbeidstilsyn, andre off. mynde og denne instruks.
- 6) Etter endt arbeidsdag skal anlegget reingjerast. Det skal ikkje førekome flygeavfall eller avfall som skaper spesielle luktproblem. Løsemiddel er ikkje tillatt brukt i samband med reinhald av stasjon. Reinhald av velferdsrom og kontor blir gjennomført etter eigne rutinar. Sjøførane har ansvaret for å gjere rein vaskeplassen for bilane. Laust avfall skal fjernast kvar dag. Anlegget skal steamast ein gong pr. veke.
- 7) Brenning av avfall er ikkje tillatt på miljøstasjonen sitt område.
- 8) Det er viktig at vedlikehaldsrutinar utarbeidde av leverandørar blir fylgde.
- 9) Oppstarting av komprimator skal skje frå øvre plan.
- 10) Porten ved innmating på sjakta skal vere lukka under komprimeringa. Dersom det av praktiske grunnar er naudsynt å køyre komprimatoren med åpne portar, skal operatøren overvake innmatinga ved å køyre panelet på øvre plan
- 11) Operatøren må ikkje forlate kontrollområdet medan komprimator-motoren går.
- 12) Når sjakta er tom, skal motoren slåast av.
- 13) Det er viktig å sjekke at kontrollampa for automatikken slår ut når den skal for å hindre at stempelet ikkje vert ståande fast under trykk over tid. Dette vil føre til varmgang og skumming av hydraulikkoljen, som kan føre til skadar på pumper, pakningar og ventilar.
- 14) Ved levering av ymse typer forretningsavfall i lukka containerar må desse tømast når operatøren er på staden og kan påsjå at farlege gjenstandar som jernbjelkar o.l. vert fjerna før komprimering vert sett i gang.

C) RUTINE FOR REGISTRERING AV AVFALL.

- 1) Alt avfall som det skal betalast for, utanom det som vert dekt av den faste stativavgifta, skal registrerast på EDB.

- 2) Avfallet skal registrerast på eigen konto på den som skal betale for det. Det skal registrerast nummer, navn og adresse. For firmakundar skal nyttast arbeidsgjevarnummer, og for personkundar skal nyttast personnummer.
- 3) Den som leverer avfallet skal kvittere på vegelappen, som skal vere in duplo.
- 4) Vegelappane skal arkiverast alfabetisk i ringperm.
- 5) Ved slutten av kvar betalingsperiode, som for tida for Volda er eit kvartal og for Ørsta eit halvår, skal det takast ut samlefaktura på den einskilde kunde og perioderapport sortert på kunde og varegruppe.
- 6) Samlefaktura med vedlegg av eit eksemplar av vegelappane skal sendast ut til kunden.
- 7) Kopi av samlefaktura og av vegelappane (kvittert av kunden) skal arkiverast særskilt.
- 8) Vegelappar med feil skal, av kontrollmessige omsyn, arkiverast saman alfabetisk.
- 9) Ved slutten av kvar dag skal det takast sikkerheitskopi (backup) av dagsrapportregister. Det skal nyttast 2 sett backupdiskettar, slik at ein alternerar mellom setta dagleg. Det sist nytta settet skal driftsleiar ta med seg heim kvar dag. I tillegg skal det takast kopi ein gong i veka på eit eige sett diskettar. Dette settet skal leggjast i bankboks.
- 10) Kundar frå Volda og Ørsta kommunar skal organiserast i eigne kontointervall, slik at alle frå Volda har ei samanhengande kontogruppe, og alle frå Ørsta har ei, slik at rapport frå det einskilde intervall gir totalomsetnad for kvar kommune i perioden.
- 11) Avfall frå eigne bilar skal registrerast på den einskilde bil. Det skal opprettast eige kontointervall for bilane.

D) INSTRUKS FOR INNKJØP AV VARER OG TENESTER.

- 1) Berre den som har fullmakt frå styret kan kjøpe inn varer og tenester.
- 2) Alle innkjøp skal ha dekning i vedteke budsjett.
- 3) Dersom andre skal kjøpe inn varer/tenester, skal

den som har slik fullmakt skrive ut rekvisisjon på førehand.

- 4) Ved større kjøp av varer/tenester skal det alltid hentast inn bindande pris på førehand.
- 5) Det skal regelmessig hentast inn prisar og vilkår for levering av varer og tenester hos fleire leverandørar.
- 6) Som vedlegg til alle fakturaer skal ein ha ordresetel eller rekvisisjon som er kvittert (godkjend) av ein som har fullmakt til dette.
- 7) Faktura skal kontrollerast og signerast av den som har bestilt vara/tenesta før betaling vert gjort.

SAK 003/91 FULLMAKTER TIL Å GJØRE INNKJØP AV VARER OG TENESTER.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Driftsleiaren får mynde til å gi fullmakt til sjåførane i samsvar med vedteken instruks. Arbeidsformannen får mynde til å kjøpe varer og tenester som ikkje kan utsettast når driftsleiaren er fråverande.

SAK 004/91 SØKNAD FRÅ AGNES BJØRKE, 6190 BJØRKE OM FRITAK FOR RENOVASJON.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Søknaden vert imøtekomen.

SAK 005/91 SØKNAD FRÅ ASLAUG DAHL, 6196 NORANGSFJORDEN OM NEDSETT RENOVASJONSAVGIFT.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Søknaden kan ikkje imøtekomast.

SAK 006/91 SØKNAD FRÅ KNUT PETTER MYKLEBUST, 6150 ØRSTA OM FRITAK FOR RENOVASJON, NY HANDSAMING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Vedkomande skal betale renovasjonsavgift frå den 01/11-1990.

- SAK 007/91 SØKNAD FRÅ ELIAS P. ULVESTAD, 6133 LAUVSTAD OM FRITAK FOR RENOVASJON.
VEDTEKE SAMRØYSTES.
VEDTAKET LYDER:
Søknaden kan ikkje imøtekomast.
- SAK 008/91 SØKNAD FRÅ ÅSE DALSETH, 6100 VOLDA OM NEDSETT RENOVASJONSAVGIFT.
VEDTEKE SAMRØYSTES.
VEDTAKET LYDER:
Søknaden kan ikkje imøtekomast.
- SAK 009/91 SØKNAD FRÅ RASMUS OG OLA VASSBAKKE, 6120 FOLKESTADBYGD OM FRITAK FOR RENOVASJON.
VEDTEKE SAMRØYSTES.
VEDTAKET LYDER:
Søknaden kan ikkje imøtekomast. Dersom dei søker på sosialt grunnlag, må søknaden sendast til Volda Kommune.
- SAK 010/91 KJØP AV ARBEIDSKLE.
VEDTEKE SAMRØYSTES.
VEDTAKET LYDER:
Styret er samd i at det vert gjort felles innkjøp av kjeledressar/ buksar/jakkar og regnty. Vidare skal kvar tilsett få dekt kr. 400,- pr. år til innkjøp av fottøy.
- SAK 011/91 SVARBREV TIL REVISJONEN - GODKJENNING.
VEDTEKE SAMRØYSTES.
VEDTAKET LYDER:
Styret godkjenner vedlagte svar av 13. februar som Volda/Ørsta Reinhaldsverk sitt svar til revisjonen.
- SAK 012/91 MAGNAR HØYDAL - AVTALE OM INNSAMLING AV AVFALL.
VEDTEKE SAMRØYSTES.
VEDTAKET LYDER:

AVTALE

Mellom Magnar Høydal og Volda/Ørsta Reinhaldsverk er det idag inngått følgjande avtale:

1. Magnar Høydal tek på seg innsamlinga av bossekkar frå Ødegard - Berget - Bøen - Vikaneset for kr. 11,- pr. stativ/sekk pr. hentedag.
2. Bossekkane skal leverast på avtalt samleplass etter nærare avtale med føraren av bossbilen på ruta.
3. Prisen for innsamlinga etter punkt 1 i denne avtalen skal justerast den 1. januar kvart år. Justeringa skal gjerast i samsvar med endringa i leviekostnadsindeksen den 15.12 året før. Basis er indeksen pr. 15.12.90.
4. Avtalen gjeld inntil ein av partane seier han opp skriftleg. Det skal gjelde gjensidig oppseiingsfrist på 6 månader.

SAK 013/91 YMSE.

INGEN SAKAR VART HANDSAMA UNDER DENNE POSTEN.

Møtet slutt.

Lan Petter Ege
Per R. Moe
R. R. Høyft

Knut Bøne

Vanylven, Sande og Volda
Kommunerevisjonsdistrikt
Rådhuset
6100 VOLDA

Hovdebygda, den 13. februar 1991

Vedr. Dykkar brev av 15.10.1990 - dokumentasjon av rutinar etc.

Rekneskapsføringa.

Til sjølve rekneskapsføringa vert nytta eit rekneskapsprogram som heiter PC-supersystemer og til lønsrekneskapan eit som heiter Huldt & Lillevik - Microlønn. Begge er marknadsleiare og det ligg føre fyldig dokumentasjon for programma. De kan gjennomgå dokumentasjonen etter nærarer avtale med Voldaregnskap AS, eller ein kan kjøpe eit ekstra sett til Dykk. Begge programma vert kontinuerleg oppdaterte, og Voldaregnskap AS har faste abonnement på oppdatering.

Oppgjer frå Volda og Ørsta Kommunar.

Reinhaldsverket skriv ut månadlege forskot til begge kommunane basert på budsjetterte inntekter for året. Forskota vert avrekna mot oppnådde inntekter ein gong i året.

Stativavgiftene vert avrekna etter lister utarbeidd i samarbeid mellom teknisk etat i kommunane og reinhaldsverket.

Forretningsavfall og anna avfall som skal betalast særskilt, vert fakturert og kravd inn av kommunane etter oppgåve levert av reinhaldsverket. Desse oppgåvene vert baserte på vegelappar og hentelister. Utfakturert sum frå kommunane vert kontrollert mot ovanfor nemnde stativoppgåver og det faktureringsgrunnlaget som er levert frå reinhaldsverket.

Levering Grautneset - betaling til Tafjord Kraftselskap.

All levering til Grautneset vert gjort i containere. Desse vert transporterte til Grautneset av Søre Sunnmøre Transportsentral AS.

Føraren av bilen kvitterar for levert avfall på vegelapp for kvar tur. Faktura frå Tafjord kraft vert utskreven på grunnlag av vegelappane, som vert lagd ved. Desse vert kontrollert mot vegelappar og køyreoppgåver vi får frå SST.

Ansvar reinhaldsverket - rekneskapskontoret.

Ein har ikkje handsama desse forholda enno, men ein har til hensikt å ta til med dette innan kort tid, jfr. punktet om organisasjonsplan.

Organisasjonsplan.

Arbeidet med organisasjonsplan er i gjenge, men det står fortsatt ein del att. Bemanningsplan er grovskissert, men det gjenstår mellom anna å vurdere korleis ein skal leggje opp dei administrative rutineane, jfr. og tilhøvet til rekneskapskontoret.

Stillingsinstruks for sjåførane er utarbeidd.

Utskrifter av styremøte.

Administrasjonen skal syte for at utskrift av møtebok for styre- og representantskapsmøte vert sendt til revisjonen etter kvart møte. Når det gjeld utskrifter for 1989 og 1990 viser vi til avtale om at De sjølv skal kopiere det De ønsker ved lån av materiellet.

Innlevering/innveging av boss.

Det er utarbeidd skriftleg rutine for dette. Den følgjer som vedlegg.

Rekvirering - attestasjon - tilvising - utbetaling.

Det er utarbeidd rutinar for innkjøp av varer og tenester, men då ein ikkje er ferdig med organisasjonsplanen enno, er det ikkje gjort endeleg vedtak om kven som skal ha rekvisisjons- og attestasjonsmynde. Tilvisings- og utbetalingsmynde har vore tildelt i fleire år.

Rekvisita og reparasjonar har vore førd på det enkelte kjørety for seg både i alle høve sidan 1989. Frå og med 1991 vert drivstoff ført på det enkelte kjørety og.

Justering av fullmakter til disponering av bankkontiane våre vart handsama i styremøte den 20.11.1990 under sak 32/90 og naudsynte vedtak gjort.

Rekneskapssystem.

Ein har beslutta å halde fram med same rekneskapssystem som før i 1991 og, men ein har til hensikt å gå over til Norsk Standard frå og med 1992.

Forsikring.

Det har vore innhenta tilbud frå fleire forsikringsselskap fleire gonger, og ein har til hensikt å følgje opp med dette med jamne mellomrom.

Bankteneste.

Ein har ikkje oppretta særskilt avtale med nokon bank, men ein har fleire gonger, seinast våren 1990, henta inn tilbud for lån og kassakredittfrå fleire hald, og gjort våre vurderingar på grunnlag av desse. Vi vurderar elles våre banksamband løpande.

Vedk. lønn.

Reiserekningar vert no kravd innsendt kvar måned.

Ferieliste for 1989 og 1990 følgjer som vedlegg.

Avtaler med leverandører.

Vi viser til utarbeidd instruks for innkjøp av varer og tenester.

Med helsing
for Volda/ørsta Reinhaldsverk


Knut Brune